



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Årsrapport 2007






FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgaver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, sosialsektoren, sivil beredskap og overfor kommunane. Vi er om lag 100 tilsette, og er organisert slik:

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 55
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 82 12 05
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: post@fmsf.no

Internett: <http://www.fylkesmann.no/sfj/>
www.miljostatus.no/sognogfjordane/



Endring



Foto: Petter Øgar

Det har vore synbert lenge. På nyåret i 2008 fekk vi biletet: Bølgjene som slo over bensinstasjonen midt i Sogn. Kombinasjonen av springflod og storm synte krefter som vi ikkje er vande med i eit elles godt klima. Rett nok har vi hardare vêrmeldingar enn dei fleste, men då er det ofte Stadt det handlar om. No er skiftet tydeleg også innover fjordane.

Vi merkar endringane: Det er blitt varmare og våtare. Snøskuffa har knapt vore framme dei siste vintrane. Vi har godt med snø på fjelltoppane og tøya ved fjorden. Vi har skog som veks opp etter åsane og som let att stigar. Vi ser at druene finn seg godt til rette langs verandaen. Valnøtter og aprikosar kjem i fleire hagar. Vi køyrer i grønne tunnelar. Isbreane smeltar. Midt oppe i desse endringane, ser vi at klima for alvor er sett på dagsorden. For eit fylke som naturen delvis har skapt loddrett, gir det ei rad med utfordringar:

- ? Korleis skal vi utnytte det vesle arealet som vi reelt har tilgang til
- ? Kva vilkår vil vi gi kvarandre i arealbruk
- ? Korleis sikre oss mot ras
- ? Kva opplevingar ønskjer vi at dei besøkande skal sitje att med
- ? Kva nye arter vil vi dyrke fram

2007 var det året som folketalsutviklinga for alvor vart sett på dagsorden i fylket. 2008 vil også handle om korleis vi klarer å ta innover oss dei klimabaserte endringane som vi ser er på gang.

Leikanger, 22. februar 2008

Oddvar Flæte



Innholdsliste

Utviklingstrekk i fylket	5
Embetsprosjekt	7

1. Økonomiske rammer og administrative føringar

1.1 Budsjett og økonomistyring.....	8
1.2 Saksbehandlingstid og rettstryggleik.	9
1.3 Elektronisk forvaltning.....	9
1.4 Leing og personalpolitikk.....	10

2. Sentrale politiske føringar

2.1 Generell samordning - fornying av offentleg sektor –	12
2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting.....	14
2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling	15
2.4 Arealdisponering og byggjesaker.....	16
2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern..	17
2.6 Samfunnsikkerheit og beredskap	19

3. Utdjupande skildring av resultatområde

3.1 Kongehuset	20
3.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet.....	20
3.3 Barne- og likestillingsdepartementet.	20
3.4 Fornyings- og administrasjonsdepartementet.....	20
3.5 Helse- og omsorgsdepartementet.....	21
3.6 Helsetilsynet.....	21
3.7 Justisdepartementet.....	22
3.8 Kommunal- og regionaldepartementet.....	23
3.9 Kultur- og kirkedepartementet.....	26
3.10 Kunnskapsdepartementet.....	27
3.11 Landbruks- og matdepartementet.....	31
3.12 Miljøverndepartementet.....	40
3.13 Utanriksdepartementet.....	40
3.14 Samferdselsdepartementet.....	40

Vedlegg I	41
Vedlegg II	58



Utviklingstrekk i fylket

Stabilisering av folketalet

Folketalet i fylket stabiliserte seg i 2007. Framleis er det slik at tettstadane veks og dei fleste bygdene får færre innbyggjarar. Det er også slik at demografien ikkje er god for fylket. Vi er blant dei som har flest eldre. Men trass i dette, er det positivt at den jamne nedgangen som har skjedd over ein lengre periode, har stansa opp. Og vi må gle oss over at vi har relativt flest eldre over 90 år. Det syner at her er godt å leve.

Det er også blitt langt større fokus på denne utviklinga enn tidlegare. Både i kommunane og fylket har ein vore opptekne av tiltak. Fylkesmannen saman med kloke hjelpearar utarbeidde på vårparten ein rapport som heitte "Snu straumen". Etter initiativ frå trainee-miljøet vart det oppretta ei eiga nettside "Framtidsfylket" som gir ein felles inngangsportal for ledige stillingar i fylket. Fylkeskommunen hadde ein tenketank som la fram sin rapport ved årsskiftet. Den tek føre seg overordna planar og legg grunnlaget for felles satsing.

Folketalsutvikling er sett på dagsorden. Men det viktigaste er at søkelyset er sett på oss sjølve – kva kan vi gjere for å få nye innbyggjarar til fylket. Vi registrerer at det er talet på framandarbeidarar som har bidrege vesentleg til folketalsauken. Oppgåva vår i lag blir å få desse til å trivast saman med oss.

Næringslivet går på høggit

Næringslivet i Sogn og Fjordane går så det susar. Det er aukande aktivitet i mest alle bransjar, og olje- og skipsindustrien melder om svært god ordretilgang. Sysselsetjinga i fylket auka med om lag 1200 årsverk i 2007. Det er venta ein endå større vekst i 2008. Næringsbarometeret for januar 2008 spår eit behov for 1850 nye arbeidstakarar dette året. Rundt halvparten av bedriftene ventar auka sysselsetjing, omsetning og lønsemd. Samstundes har vi fleire konjunkturutsette bedrifter som snøgt kan snu dersom verdsmarknadene endrar seg.

Rekruttering – ei stor utfordring

Den store utfordringa er tilgang på arbeidskraft. Det er rekrutteringsvanskar i alle bransjar, og verst ute er industri, bygg og anlegg, og helse- og omsorgssektoren.

Arbeidsløysa var i Sogn og Fjordane ved årsskiftet heilt nede på 0,9 prosent, og er lågaste i landet. Det er eit nivå som i praksis betyr full sysselsetjing.

Det siste året var nettinnflyttinga frå utlandet godt over 800 personar, det vil seia i overkant av 400 fleire enn året før.

Krevjande kommuneøkonomi

Kommunal økonomi har i mange år vore krevjande i Sogn og Fjordane. Det har vore i betring dei siste åra, men dette vart svekka i 2007.

Statsbudsjettet for 2007 la opp til ein kommunal realvekst på 0,9 %, dvs. om lag kr 2,2 mrd. Det vart og lagt inn ein stipulert prisvekst på 3,5 % og auke i skatteinntektene på 2,1 %.

Hausten 2007 vart skatteinntektene auka ytterlegare med kr 1,880 mrd. til primærkommunane.

Nyare tal for heile 2007 viser at skatteinntektene til primærkommunane truleg vert 0,7 mrd. lågare enn skatteauken som var lagt om hausten. SSB har stipulert den kommunale kostnadsveksten for 2007 til 4,7 %. Dette utgjør ein ytterlegare kostnadsvekst på ca. kr2,5 mrd. Høgare lønsvekst aukar kommunane sine lønsutgifter, men samstundes aukar skatteinn-

tektene. Lønnskostnadane representerer likevel større beløp enn inntektene på skatt. Det ser ut som om veksten i den kommunale økonomien flata ut i 2007.

Kulturlandskap i endring

Trass i mange gode tiltak for å avgrensa og styra attgroing av landskapet, er krattskogen eit trugsmål mot deler av det eksponerte kulturlandskapet i fylket. Attgroing er lite ynskjeleg for eit eksklusivt reiselivsfylke i framgang og vekst. Ikkje berre talet på gardsbruk går nedover år for år, men det drivne jordbruksarealet er også minkande.

Landbruket er framleis viktig for sysselsetjing og busetnad i fylket. Gardsbruka er små, og ein del yngre bønder går saman om å skifta ut dei mindre båsfjøsa med større moderne samdriftsfjøsa. Andre finn nye kreative attåttnæringar som til dømes gardsturisme, gardsmat, grøn omsorg, bioenergi og minikraftverk. Bærdryrking, særleg bringebær og morellar, er vekstområde. Landbruket har ei framtid, også i Sogn og Fjordane, men omstilling og nytenking er i gong. Her skulle det likevel ha vore fleire unge som satsa.

Nedgang i rovviltskader

Erstatningsutbetalinga for skade av freda rovdyr vart i 2007 nær halvert frå året før. Utbetalinga for sau drepne av freda rovvilt, gjekk ned frå kr 1,7 mill til 0,9 mill. Den viktigaste årsaka er Statens Naturoppsyn sitt uttak av seks jervar. I tillegg har saueeigarane gjort stor innsats med førebyggjande tiltak.

Høg scoring på nasjonale prøvar

Elevane frå Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet på dei nasjonale prøvane, særleg på det åttande klassesteget. Det er stor variasjon mellom kommunar og mellom skular, men i snitt er nivået godt. I ei tid der det frå nokre hald blir hevda at resultatane frå byane er betre enn dei frå landsbygda, står vårt fylke fram som eit døme på at dette ikkje stemmer. Fylket har framleis eit desentralisert skulemønster med mange mindre grendeskular.

God barnehagedekning

Siste tilgjengelege statistikk (des. 2007) viser at Sogn og Fjordane hadde 97 % barnehagedekning for 3-5-åringar og 85 % for 1-5-åringar. Fire av kommunane i fylket opplyser at dei ikkje hadde full barnehagedekning ved utgangen av 2007, men reknar med å oppnå full dekning i 2008. Dermed vil Sogn og Fjordane ha full barnehagedekning ved utgangen av 2008.

Sterk på entreprenørskap og bygdemobilisering

Sogn og Fjordane har i mange år hatt ei god satsing både på entreprenørskap og bygdemobilisering. Dette er ei samarbeidssatsing mellom fleire aktørar der Fylkesmannen har stått sentralt. Talet på elevbedrifter er høgt og veksande. Bygdeutviklingsprogrammet er populært, og stadig fleire bygder vert motiverte og får hjelp til å dra i gang organisert mobiliseringsarbeid både for å utvikla næringar og nærmiljø. Dette er satsingar med eit langsiktig perspektiv. Det er sjølvstøtt vanskeleg å kvantifisera målbare resultat av satsingane for næringsliv og trivsel i fylket. Men vi trur dette er viktige strategiar med tanke på utvikling av eit fylke der vi ikkje har sentraliseringskrefter å nyte godt av.



Embetsprosjekt

På bakgrunn av tildelingsbrev og utfordringar i eige embete/fylke blir det organisert tverrgående embetsprosjekt. Dette er utvalde innsatsområde som kryssar avdelingsgrensene. I 2007 hadde vi to slike embetsprosjekt:

Kommunikasjon og formidling

Mål:

1. Brev skal ha eit språk og ei form som blir forstått av innbyggjarar, kommunar og andre brukarar
2. Gjere det lett for våre tilsette å skrive korrekt, enkelt og forståeleg
3. Språkleg kvalitet som leiaransvar og varemerke
4. Auke kompetansen hjå våre tilsette, og gjere oss meir bevisste på korleis vi kommuniserer med omverda, og korleis omverda oppfattar oss

Tiltak:

1. Plan for gjennomgang av dokument
2. Gjennomgang av dokument vi sender frå oss
3. Rettleiar for oppsett av brev og dokument
4. Revisjon av "Retningslinjer for god språkbruk"
5. Gjere kommunikasjon til eit tema på avdelingssamlingar
6. Invitere til gruppediskusjon om kommunikasjon

Resultat:

- ? Alle brev som avsluttar ei sak, blir no skrivne med ei kort oppsummering med konklusjon tidleg i brevet. Konklusjonen blir skriven i feit skrift etter dei innleiande frasane, noko som gjer det lettare for mottakaren å oppfatte budskapet i brevet.
- ? Språktenesta for statsorgan (Språkrådet) har lese gjennom og gitt tilbakemelding på 30 sider dokument frå oss. Språkrådet presenterte funn og forbettringspotensiale på årets personalsamling.
- ? Prosjektet har vorte noko forseinka grunna interne forhold. Nye retningslinjer for god målbruk skal vere klare i mars 2008.

Forvaltningsreforma – førebuing

Mål:

1. Sikre at Fylkesmannen framleis er garantist for rettstryggleiken i fylket/regionen
2. Sikre at vi framleis kan yte god fagleg rettleiing på våre ansvarsområde til kommunar, innbyggjarar og andre brukarar
3. Få tilført nye statlege oppgåver frå departement og direktorat, ev. andre statlege organ
4. Oppretthalde eit godt samarbeid med fylkeskommunen og regionale statlege etatar i fylket
5. Godt informerte og omstillingsorienterte medarbeidarar



Tiltak:

1. Gje innspel til fagdepartementa på kva som bør liggje til Fylkesmannen av oppgåver på miljø-, landbruks- og utdanningsområdet, for å kunne sikre rettstryggleik og god rettleiing
2. Identifisere oppgåver som vi meiner kan desentraliserast frå direktorat og departement til Fylkesmannen, og ta dette opp på sentralt hald. Dette kan og gjelde oppgåver vi kan utføre for alle/fleire embete
3. Bidra i arbeidet med å sikre innbyggjarar og næringsliv i Sogn og Fjordane sine interesser i forvaltningsreforma, i samarbeid med fylkeskommunen, herunder førebu oss på at einskapsfylke-modellen kan kome opp att til diskusjon i fylket
4. Klarleggje rettigheter ved omorganisering/flytting/ending i oppgåver, og formidle dette på ein god måte til alle tilsette. Vurdere framtidig intern organisering og arbeidsmåtar

Resultat:

Framdrifta i prosjektet har ikkje vore heilt som planlagt. Det har samanheng med at avklaringane frå sentrale styresmakter ikkje har hatt det tempoet vi hadde forventa.

Tiltak 1: Både MD og LMD sette ned grupper for å konkretisere oppgåver som skal overførast/bli att der fylkesmannsrepresentantar er med. Vi har gitt innspel undervegs.

Tiltak 2: Vi har venta på nærare avklaring av oppgåvefordeling frå MD, LMD og KD. Høyringa som skulle koma til hausten vart utsett.

Tiltak 3: Vi deltok på høyringa 07.05. Vi har hatt systematisk og god dialog med fylkeskommunen der vi har vore samde om å avventa nærare sentrale avklaringar.

Tiltak 4: D. Forvaltningsreforma har vore fast info-sak på møte med tillitsvalde, og organisasjonane har peika ut personar som representantar i prosjektgruppa. Arbeidet vil bli intensivert i 1008.

1. Økonomiske rammer og administrative føringar

1.1 Budsjett og økonomistyring

Tildeling på kapittel 1510 post 01, fylkesmennes ordinære driftskapittel, for 2007 var på kr 53.407.000,- inkl. Trippelnett. I løpet av året fekk embetet samla ekstratildelingar på kr 512.000,-. I sjuke- og foreldrepengerefusjon hadde embetet kr 893.830,- til disposisjon. Samla tildeling og inntekter i mot kap. 1510 post 01 i 2007 var på kr 55.220.830,-. Embetet nytta kr 54.027.646,- av desse tildelingane/inntektene til å drifte embetet. Resultatet vart eit overskot på kr 1.193.184,- som embetet ber om å få overført til driftsbudsjettet 2008.

Embetet gjekk med overskot pga stram økonomistyring i 2007. På slutten av året fekk embetet ein del inntekter som det ikkje var budsjettert med. Mellom anna løns- og reiserefusjon i samband med etablering av Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) og lønsmidlar frå tildelinga til Sosial- og helsedirektoratet.

Embetet henta inn kr 4.031.300,- i administrativ kostnadsdekning i 2007 samt kr 6.452.872,- i løns- og reiserefusjon. Totalt hadde embetet kr 24.924.846,- i inntekter som delvis var med på å finansiere den ordinære drifta samt andre prosjekt utanom den ordinære drifta. Utgiftene i samband med dette vart ført på kap. 1510, post 21 fylkesmennes spesielle driftsutgifter. For 2007 var utgiftene på kr 24.924.846,-. Resultat av inntekter og utgifter mot kap. 1510, post 21 var difor kr 0,-.

1.2 Saksbehandlingstid og rettstryggleik

Fylkesmannen si serviceerklæring fokuserer på sakshandsamingstid på sentrale forvaltningsområde. Denne vert følgt opp med kvartalsvis rapportering der restansesituasjon og saksbehandlingstid vert gjennomgått.

Systematisk samanlikning viser at vi i dei 3 tertiala i 2007 brukte frå 42 til 76 dagar i gjennomsnitt pr klagesak etter plan- og bygningslova. Dette er ei monaleg forbetring frå 2006 då gjennomsnittet varierte frå 85 til 120 dagar. Årsgjennomsnittet viser ei saksbehandlingstid på 60 dagar for klagesaker etter plan- og bygningslova, noko som er godt under kravet frå departementet.

Fylkesmannen har hatt ein auke på 33 % i talet på byggjesaker som er handsama i høve det vi hadde i fjor. Det er framleis eit svært høgt tal saker (77) som settefylkesmann for Hordaland.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for klagesaker etter sosialtenestelova har også betra seg og varierte frå 74 dagar i gjennomsnitt i første tertial til 35 dagar i siste tertial. I 2006 var tidsbruken mellom 61 og 74 dagar pr klagesak på dette feltet.

1.3 Elektronisk forvaltning

Eit av dei overordna måla i strategiplanen vår handlar om at Fylkesmannen skal medverke til at Sogn og Fjordane er leiande i bruk av IKT som verktøy for tenesteutvikling og brukardialog. Vi deltek aktivt i IT-forum Sogn og Fjordane, eit samarbeidsforum med brei deltaking frå offentleg sektor, næringsliv og forskning og utdanning som samarbeider om infrastruktur og IKT-baserte tenester til nytte for heile fylket. Vi bidreg gjennom fleire utviklingsprosjekt til å oppfylle måla i eNorge-planen2009.

1.3.1. Elektroniske tenester

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har viktige drifts- og utviklingsoppgåver knytt til elektronisk forvaltning. Gjennom det Høykomfinansierte prosjektet BEST (Betre elektronisk samhandling og tenester) har vi utvikla standardar og sjølvbeteningsløyser innan området fri rettshjelp, elektronisk dokumentutveksling og elektronisk tilskotsforvaltning. Jf pkt. 2.1 i årsrapporten, fornying av offentleg sektor.

Vi har gjort fleire elektroniske sjølvbeteningsløyser tilgjengelege via fylkesmannen.no, td

- ✍ Fri rettshjelp
- ✍ Partistøtte
- ✍ Sjøfangstregisteret
- ✍ Elektronisk jobbsøknad
- ✍ Elektronisk søknadsskjema om tilskotsmidlar
- ✍ Tinge nyhendevarsel
- ✍ Søknad om leige av lokale i Statens hus

Vi har innført elektronisk fakturabehandling. I 2007 har vi lagt vekt på å auke kompetansen vår innan regelverk for offentlege innkjøp og e-handel. Vi starta arbeidet med å utvikle strategi for e-handel, som vil vere klar tidleg i 2008. Arbeidet med innføring av nytt elektronisk løns- og personalsystem (SAP) starta i september 2007, og systemet vart sett i ordinær drift ved årsskiftet.

For å auke brukarmedverknaden i samband med innføring av nye system, har vi etablert eit IKT-brukarforum internt der alle avdelingar er representerte. Gruppa har møte ein gong i månaden. Vi legg stor vekt på brukarkompetanse innan IKT, og har i 2007 arrangert

internkurs i ePhorte-søk, power-point, biletbehandling og excel.

1.3.2. Nettbasert informasjon

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane nyttar nettstaden aktivt for å spreie informasjon om saker og tenester. Vi legg vekt på jamleg oppdatering og god språkbruk. Talet på sjølvbeteningsløysingar har auka, desse har vi samla og plassert godt synleg på framsida av nettstaden vår. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bidreg dessutan til at www.fylkesmannen.no også utviklar seg som tenestekanal. I 2007 leverte vi to nye tenester til alle fylkesmennene, nemleg fri rettshjelp og partistøtte.

I 2007 publiserte vi om lag 400 saker på framsida av nettstaden vår. Alle fagområda er representert i dette talet, men det er sjølvstykta noko skilnad på avdelingane. I jubileumsåret for miljøvernavdelinga har nettopp denne avdelinga gjort ein svært god jobb på informasjonssida. Miljøvern har nådd målet om at nettstaden skal gjenspegle aktiviteten ved avdelinga. Miljøvern er dermed eit føredøme for dei andre avdelingane i embetet.

Fylkesmannen tilbyr nyhendevarsling. Ved utgangen av året var det registrert 236 e-postadresser i varslingstenesta vår. Tilsette i det offentlege og media utgjør dei to største gruppene. Heimesida vår fekk 5 stjerner i noreg.no si kvalitetsvurdering av offentlege nettstader.

1.3.3. Kart og stadfesta informasjon

Fylkesmannen leiar arbeidet med Norge Digitalt gjennom fylkesgeodatautvalet i samarbeid med Statens kartverk, og deltek i fagutval for basis data og i fagutval for plan- og temadata. Gjennom www.fylkesatlas.no samarbeider fylkesmannen og fylkeskommunen om ein heilskapleg presentasjon av felles basisdata og fagdata.

Trafikkloggen på Fylkesatlas syner at mange har nytta tenesta i 2007. Fagavdelingane våre nyttar tenesta mykje i handsaming av arealplanar, og tenesta vert og nytta av andre verksemdar og publikum.

Vi har delteke i forprosjekt for arealplandata i fylket. Målet er å hjelpe kommunane å lage/bestille digitale arealplanar som følgjer standarden (sosi). Statens kartverk har prosjektleiinga. Sogn regionråd fekk skjønnsmidlar/regionale utviklingsmidlar til forprosjektet, og har også fått midlar til hovudprosjektet som skal fortsetje dei neste 4 åra.

På oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning har Miljøvernavdelinga saman med utviklingsavdelinga laga Sjøfangstregisteret for registrering av fiske med faststående reiskap i sjø. I 2007 har løysinga vore i pilot med tre fylke. I 2008 skal alle aktuelle fylke nytte registeret. Dette er ein database med fiskarar og fiskeplassar som mellom anna er kartfesta.

Fylkesmannen og fylkeskommunen hadde gjennom GIS-nettverket stand på IT forum i Loen 26. og 27. september, og eigen sesjon som begge vart godt besøkt.

Vi har etablert ei GIS-gruppe i embetet som skal arbeide for å fremje bruken av stadfesta informasjon og geografiske informasjonssystem. Gruppen har deltakarar frå alle avdelingar og Statens kartverk.

1.4. Leiing og personalpolitikk

Embetet er organisert i leiing og stab, administrasjon, fire fagavdelingar og ei utviklingsavdeling. Bortsett frå ei avdeling som har seksjonar, har avdelingane flat organisasjonsstruktur.

Embetet er IA-bedrift, og har avtale med bedriftshelsetenesta Frisk Bedrift AS. I tillegg til retningslinjer for personalpolitikk utarbeidd i

2006, er det i 2007 i samarbeid med dei tilsette utarbeidd nye retningslinjer for livsfasepolitikk.

Resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga i 2006 er i 2007 følgd opp i samarbeid med avdelingsleiarar og bedriftshelsetenesta.

Diverse personalstatistikk pr 31.12.07

Kjønnsfordeling og løn - kvinner og menn

Pr. 31.12.07 hadde embetet 110 tilsette, 51 kvinner og 59 menn (46,4 % kvinner).

Tilsvarende tal 31.12.06 var 113, 58 kvinner og 55 menn (51,3 % kvinner). Kvinnedelen ved embetet er såleis redusert i løpet av 2007. Av 14 leiarar er det pr 31.12.07 to kvinner.

Talet på årsverk pr 31.12.07 er 104,6.

Gjennomsnittsløna for kvinner er pr 31.12.07 lst. 48, medan menn har gjennomsnitt 55. Snitt for embetet er 52. Snitt for saksbehandlargruppa er lst. 49 for kvinner og 52 for menn.

Tabell 1 viser lønsutvikling i tida 2003 – 2007.

Dette gir følgjande endringar siste året når det gjeld løn:

- ? gjennomsnittsløna for kvinner har auka frå lønstrinn 47 til 48 = + 1
- ? gjennomsnittsløna for menn har auka frå lønstrinn 54 til 55 = + 1
- ? gjennomsnitt for embetet har auka frå lønstrinn 51 til 52 = + 1

For *sakshandsamarane* viser utviklinga siste året følgjande:

- ? gjennomsnittsløna for kvinner har auka frå lønstrinn 47 til 49 = + 2
- ? gjennomsnittsløna for menn har auka frå lønstrinn 51 til 52 = + 1
- ? gjennomsnitt for embetet har auka frå lønstrinn 49 til 51 = + 2

Lønsforhandlingar i 2007 viser følgjande:

- ? ved sentrale justeringsforhandlingar fekk 30 kvinner og 16 menn opprykk i løn.
- ? ved lokale forhandlingar på særskilt grunnlag fekk 6 kvinner og 4 menn opprykk i løn (endra arbeidsoppgåver, meir ansvar).
- ? ved årlege lønsforhandlingar i 2007 fekk 19 kvinner og 18 menn opprykk i løn. Av lønsmassen utgjorde kvinner 47 %, medan kvinner fekk 49 % av den summen som vart nytta ved dei lokale lønsforhandlingane.

Deltidstilsette

Pr 31.12.07 var det 20 kvinner og 8 menn som hadde reduserte stillingar på grunn av omsorgspermisjon, delvis AFP eller uførepensjon, eller fordi dei ikkje ønskjer å ha full stilling av andre grunnar.

Alderssamansetning i 2007

Gjennomsnittsalderen på tilsette ved embetet er 47 år, 46 for kvinner og 48 for menn. I aldersgruppa over 60 år har embetet 23 tilsette, 10 kvinner og 13 menn. Dette utgjør 21 % av dei tilsette. I aldersgruppa 50 – 59 år har vi 25 tilsette, som utgjør 23 % av dei tilsette. Dette betyr at 44 % av dei tilsette ved embetet er over 50 år.

Sjukefråvær i 2007

Sjukefråværet for 2007 var 3,4 % (derav 1,6 % langtidsfråvær). Tilsvarende tal for 2006 var 3,2 % (1,4 % langtidsfråvær). Sjukefråværet for kvinner i 2007 var 4,9 %, og for menn 1,9 %. Tilsvarende tal for 2006 var 5 % for kvinner og 1,4 % for menn.

Tabell 2 nedanfor viser utviklinga 2000 – 2007 når det gjeld sjukefråvær.

Tabell 1 – Lønsutvikling 2003 - 2007**1. Alle tilsette**

	31.12.03	31.12.04	31.12.05	31.12.06	31.12.07
Embetet samla	45	46	48	51	52
Leiarar (ekskl. FM)	65	65	66	69	71
Sakshandsamarar	43	45	46	49	51
Reinhaldspersonell	27	31	32	34	35

2. Kvinner/menn

		31.12.03	31.12.04	31.12.05	31.12.06	31.12.07
Alle	Kvinner	40	42	44	47	48
	Menn	49	50	52	54	55
	Snitt	45	46	48	51	52
Sakshandsamarar	Kvinner	41	43	45	47	49
	Menn	45	46	48	51	52
	Snitt	43	45	46	49	51

Tabell 2 – Sjukefråvær 2000 - 2007

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Totalt	3,9	3,3	4,4	4,4	3,6	3,2	3,2	3,4
Herav langtidsfråvær	2,4	2,0	3,2	3,1	2,3	1,8	1,4	1,6

2. Sentrale politiske føringar

2.1. Generell samordning - fornying i offentleg sektor

Fornyng og omstilling har vore jobba med på fleire måtar. Vi sette av 8 mill. kr av skjønnsmidlane for 2007 til dette arbeidet. Eit tett samarbeid med fylkeskommunen, KS og regionråda gjer at satsinga er forankra og samordna på ein god måte. Det meste av midlane har vorte prioritert til fylkesovergripande prosjekt, eller der regionar eller fleire kommunar samarbeidar om utviklingstiltak. Gjennomføringsprosjekt har vorte prioriterte framfor utgreiingsprosjekt.

Fornyng har vore tema på fleire større fylkessamlingar. Vi satsar og på kompetansebygging og erfaringsutveksling gjennom nettverkssamarbeid, m.a. rådmannsnettverket og økonominettverket. Sjølv om Fylkesmannen er tilretteleggjar for nettverka, er kommunane sentrale når det gjeld innhald.

I 2007 innførte vi eit elektronisk søknads- og rapporteringssystem for å handsame søknader og rapportar i samband med fornyingsprosjekt. Opplegg/erfaringar vart presenterte på haustkonferansen mellom KRD og fylkesmannsembeta i 2007. Systemet inneber ei klar effektivisering/forenkling både for søkjar og sakshandsamar.

Vi formidlar nytt om utviklingsarbeid på ei eiga side:

www.fylkesmannen.no/moderniseringsfj I løpet av dei siste 3 åra er det starta opp og gjennomført ca. 40 større eller mindre prosjekt m.a. med vekt på utvikling av styringssystem, effektivisering av drift og forbetring av offentlege tenester. IKT er eit sentralt element i dei fleste av prosjekta.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har viktige utviklings- og driftsoppgåver knytt til elektronisk forvaltning. Eitt av måla våre i strategiplanen for 2006-2009 er at vi skal vere leiande i bruk av IKT som verktøy for tenesteutvikling og brukardialog, og slik arbeide for å oppfylle måla i eNorgeplanen 2009. Fylkesmannen har ansvaret for Trippelnett og fleire nasjonale satsingar innan Internett-utvikling og datafangst.

Gjennom det Høykomfinansierte prosjektet BEST- Betre elektronisk samhandling og tenester, har vi utvikla standardar og sjølvbeteningsløysingar innan

- 1) innhenting og elektronisk sakshandsaming for vedtak og søknader om fri rettshjelp
- 2) sikker elektronisk samhandling mellom verksemdar og forvaltningsnivå, BEST-standarden.
- 3) Elektronisk tilskotsforvaltning

FAD har bestemt at systemet for fri rettshjelp skal innførast i heile landet i 2008. Sameleis har FAD bestemt at system for søknad om offentleg partistøtte vert innført på landsbasis for 2008. BEST-standarden for dokumentutveksling skal takast i bruk i alle kommunar i fylket i 2008. DN har innført sjøfangstregisteret i alle relevante fylke i 2007. Systemet er utvikla og drifta frå Sogn og Fjordane. Fleire andre løysingar utvikla i BEST er i bruk i Sogn og Fjordane og i andre fylke.

Vi har innført elektronisk fakturabehandling og tilrettelagt for e-faktura i 2007. Vi har og drifts- og utviklingsansvar for it-tenester for DIFI, Sysselembetjenten og fleire direktorat innan fylkesmannen sine fagområde.

GIS: Fylkesmannen leier arbeidet med Norge Digitalt gjennom fylkesgeodatautvalet, i samarbeid med Statens kartverk, og deltek i fagutval for basis-data og i fagutval for plan- og temadata. Gjennom www.fylkesatlas.no samarbeider Fylkesmannen og fylkeskommunen om felles basisdata og fagdata, heilskapleg presentert.

I 2007 melde vi 4 kommunar ut av Robek, medan 1 vart meldt inn. 31.12.07 var 7 av 26 kommunar i registeret. Dette medfører framleis behov for oppfølging og støtte i arbeidet med omstilling. Vi nyttar mest ressursar på dei som slit tyngst, og i 2007 har det vore fleire møte med desse kommunane, m.a. med fokus på status og forpliktande plan. Dei aller fleste Robek- kommunane har rapportert status anten månadsvis eller kvartalsvis til Fylkesmannen.

Arbeidet med internt tilsynsnettverk for å samordne og forbetre tilsynsarbeidet vårt i høve kommunane, vart vidareført i 2007, m.a. gjennomførte vi to nettverkssamlingar for alle på embetet som arbeider med tilsyn. "Kommunedagen" (august) er ein intern dag med vekt på erfaringsutveksling over avdelingsgrensene. På samlinga i desember deltok i tillegg Mattilsynet og Arbeidstilsynet. Fokus på fellesmøtet var erfaringsutveksling mellom dei statlege tilsyna. I tillegg til eigen tilsynskalender på våre heimesider, vert også tilsynsrapportane lagt ut på ein felles nettstad. Det vart utarbeidd ein eigen prosedyre i samband med nye lovreglar i kommunelova frå 01.03.2007.

Det er eit mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. I 2007 vart det gjennomført 8 felles kommunebesøk der vi møtte politisk og administrativ leiing. I desse besøka deltek Fylkesmannen eller assisterande fylkesmann, til vanleg ein av økonomirådgjevarane og ev. leiarar frå fagavdelingane. Besøka er ein viktig arena for dialog mellom Fylkesmannen og kommunane. Dagsorden vert sett i samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunen, og har fokus på tema/utfordringar for den aktuelle kommunen.

Fylkesmannen arrangerte ein 2-dagars konferanse for alle kommunane i mai. I 2007 vart det sett fokus på "Kommunen som samfunnsutviklar". Vi arrangerte ei todagars samling for alle rådmenn i september, m.a. med fokus på rådmannen som leiar og korleis utvikle mediastrategi i kommunane. Elles har

fagavdelingane hatt fleire ulike konferansar og fagsamlingar, opplæringstiltak og nettverksmøte.

Sogn og Fjordane greidde ikkje 100 % Kostra-rapportering den 15. februar 2007, men håper på betre tal for 2007.

Vi samarbeidar med fylkeskommunen i fylkesplanarbeidet og i diverse prosjekt. Fylkesmannen og assisterande fylkesmann har jamlege møte med fylkesordførar og fylkesrådmann. Assisterande fylkesmann er deltakar i arbeidsutvalet for Fylkesplanforum.

Det vart avvikla 2 drøftingsmøte mellom KS og Fylkesmannen i 2007 med fokus på samordning/koordinering mellom KS og Fylkesmannen.

Heimesida vår skal vere ein viktig og nyttig informasjonskanal for kommunane og andre.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Omsorgsplan 2015 har vore tema på fleire av våre aktivitetar, mellom anna nettverkssamlingar for leiarar i pleie- og omsorgstenesta, og som tema i samband med undervisning på høgskulen i fylket.

Fylkesmannen og helsetilsynet i fylket har gjennomført pålagde landsomfattande tilsyn. Det er utført 8 planlagde systemrevisjonar og stadlege tilsyn etter sosialtenestelova i samsvar med resultatkrava. 85 klagesaker etter sosialtenestelova er handsama. Saksbehandlingstida var lenger enn 3 månadar for 11 av desse. Helsetilsynet i fylket har gjennomført 11 systemrevisjonar medan resultatkravet var 13. I tillegg er det utført kartleggingar av rehabiliterings-tenestene i fylket og kommunane sitt arbeid med miljøretta helsevern.

Vi har vurdert 8 kommuneplanar og planprogram i 2007. Det har vore lagt vekt på å kommentere tilhøve om folkehelseperspektivet, tilgjenge og universell utforming, og barnerepresentanten si rolle i høve til tilrettelegging av nærmiljø for barn og unge. Det har vore peika på krav om helsekonsekvensutgreiing i planarbeidet.

Partnerskap for folkehelsearbeid vert gjennomført i tett samarbeid med fylkeskommunen. 19 kommunar har teikna partnerskap om folkehelse. Tildeling av aktivitetsmidlar er gjort i samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen. 23 av 26 kommunar har fått tilskot frå midlane til fysisk aktivitet, ernæring og fridom frå tobakk. Fleire konferansar er arrangert og fleire prosjekt er i gang innafør folkehelseområdet. Prosjektet "Fysisk aktivitet og måltider i skolen" er følgd opp, og det er lagt til rette for erfaringsutveksling og -spreiing, med sikte på iverksetjing ved fleire skular.

Innafor opptappingsplanen for psykisk helse har alle kommunane oppfylt krava til rapportering om bruk av øymerka tilskot i 2006, samt sendt inn tilfredsstillande dokumentasjon og vedtak når det gjeld planlagt disponering av tilskotet i 2007. Alle kommunane fekk utbetalt øymerka tilskot innan utgangen av desember. Kommunane og spesialisthelsetenesta har fått på plass formell samarbeidsavtale. Rutinar for utarbeiding av individuell plan er inkludert i avtalen. Vi har fordelt kr150.000 kroner til 5 kommunar i fylket til førebygging av uønskte svangerskap og abort. Eit fast innarbeidd og tverrfagleg rusfagleg forum er arrangert to gonger.

Fylkesmannen har arrangert eller vore medarrangør på samlingar for å utvikle kompetanse og kvalitet i sosialtenesta. Tema har vore økonomisk rådgjeving, brukarstyrt personleg assistent, avlastings- og støttekontaktordningar, spørsmål knytt til NAV, boligsosialt arbeid og universell utforming.

2.3. Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Felles for barnehage- og utdanningsområdet

FM har engasjert sju personar som arbeider for god samanheng i opplæringsystemet i fylket. Dette er fire personar frå kommunane – ein frå kvar av dei fire regionane. Desse jobbar både på barnehage- og utdanningsområdet. Vidare to personar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane – ein på barnehage- og ein på utdanningsområdet. Den sjuande kjem frå fylkeskommunen. Målet med denne konstruksjonen er å utvikle godt samarbeid mellom utdanningsnivåa, mellom kommunane, med fylkeskommunen, til høgskulen etc. Alle dei involverte instansane opplever dette som ei svært positiv ordning.

Det vert gjennomført to møte i strategiorganet Forum for skule- og barnehageutvikling og tre samlingar der alle kommunane deltek. FM og KS er sekretariat for desse organa. Det er vidare m.a. gjennomført leiarkonferansar – ein på barnehageområdet og ein på skuleområdet. Viktige og aktuelle spørsmål vert teke opp på desse konferansane.

Barnehageområdet

Barnehagedekninga i fylket pr. desember 2007 er 97 % i aldersgruppa 3-5 år og 85 % i aldersgruppa 1-5 år. 98 % av femåringane i fylket gjekk i barnehage i 2007.

Det er ført tilsyn i to kommunar med at kommunen utfører oppgåver dei er pålagde som barnehagemyndigheit. Begge kommunane hadde gjennomført tilsyn med sine barnehagar. Det vart ikkje gjeve avvik. I den eine kommunen vart det gjeve ein merknad. Grunna sjukdom vart planlagt tilsyn i ein tredje kommune utsett til februar 2008.

Det er utarbeidd regionvise planar for barnehagesatsinga ved hjelp av deltidsstillingane som er nemnde ovanfor.

Resultatområda 38 og 39 knytt til barnehageområdet stod for til saman 1,15 årsverk.

Utdanningsområdet

Tilsyn var hovudaktiviteten i 2007. Av 6,8 årsverk gjekk 1,03 årsverk til tilsyn, resultatområde 31.1. (I tillegg kjem tilsyn på barnehageområdet) Andre ressurskrevjande resultatområde var 31.5 Eksamen og nasjonale prøver (1,02 årsverk) og 31.4 Informasjon og rettleiing (0,91 årsverk). Samla var det 3,92 årsverk på Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppåver på utdanningsområdet.

Felles nasjonalt tilsyn vart gjennomført etter planen i fem kommunar og fylkeskommunen. Tre av kommunane fekk avvik. Det vart merknader i dei andre kommunane og fylkeskommunen.

Det vart gjennomført postalt tilsyn med at ressurstildelinga til skulane er i samsvar med Stortinget sine føresetnader. Det vart ikkje konstaterert avvik. Det vart gjennomført tilsyn i to kommunar i høve oppl § 8-2 Organisering av elevane i grupper. Ein av kommunane fekk merknad. Det vart gjennomført tilsyn ved dei to private grunnskulane i fylket. I begge tilfelle vart det gjeve avvik.

Samla var det 1,06 årsverk på Resultatområde 32 Oppgåver knytt til Kunnskapsløftet og anna utviklingsarbeid i tillegg til dei sju 20% stillingane som er nemnde ovanfor. Lokale læreplanar og elevvurdering er to tema som ein har kome tilbake til på ulike møte, samlingar og konferansar. Skuleeigarane har fått utbetalt statlege tilskot når føresetnadane har vore på plass.



Barnevern

Pålagde tilsyn med barnevernstenesta og andre oppdrag innanfor barnevernsområdet er gjennomført. Det er gitt opplæring i internkontroll gjennom konferanse for alle kommunane.

Likestilling

Det eksterne arbeidet på likestillingsområdet var sak på eit leiarmøte i 2007. Det vart semje om at aktuelle tiltak m.a. er:

- ? Bruke Nettverksposten og vår eiga heimeside – utdanning lagar artikkel
- ? Ta opp temaet på ulike samlingar – alle avdelingar har ansvar
- ? Ta opp i samband med utarbeiding av verksemdsplan
- ? Bruke kvinnelege innleiarar – alle avdelingar har ansvar

Det var aktivitet på alle punkt med unnatak av kulepunkt to. Det kan m.a. nemnast at

- ? Ein artikkel på heimesida til Fylkesmannen presenterte handlingsplanen for likestilling i barnehagane
- ? Ved 150-årsmarkeringa til Sogn og Fjordane landbrukssekselskap var to av innleiarane menn og fem kvinner.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Fylkesmannen har i 2007 gjeve fråsegn til 570 kommunale plan- og dispensasjonssaker. Det vart nytta motsegn til 17 planutkast. Det vart ikkje sendt saker vidare til avgjerd i Miljøvern-departementet i 2007. Vi har påklaga 16 dispensasjonssaker, dei fleste av desse gjeld dispensasjonsvedtak frå § 17-2 (byggje- og deleforbodet i 100-meters beltet).

Vi formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk og nyttar motsegner og klager mot dei mest alvorlege tilfella. Dei fleste konflikttema vert avklart gjennom synfaring og ev. mekling.

Vi fokuserer også på å formidle gode planprinsipp på kommunesamlingar, opplæring for folkevalde og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinene vert aktivt nytta ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor grad er allment tilgjengelege over Internett (Miljøstatus, Fylkesatlas og fylkesmannen.no). Vidare brukar vi fylkesplanen sine signal og retningsliner aktivt når vi gjer innspel til plan- og dispensasjonssakene.

Omsynet til å sikre ei arealforvaltning som gir trygge og robuste lokalsamfunn, har vore ei prioritert oppgåve. Mange kommunar er framleis for lite medvitne om at omsyn til risiko og sårbarheit må vere ein grunnleggjande premis for alt arealplanarbeidet. På grunn av manglande synleggjering av risiko- og sårbarheitsvurderingar, har vi nytta motsegn mot så å seie alle kommuneplanar som har vore til høyring,

Det er òg ei utfordring at ROS-analysane ofte er for avgrensa i tema. Kommunane er gjerne medvitne om skred- og flaumproblematikk, men er mindre flinke til å la analysane omfatte tema som t.d. stormflo, trygg vassforsyning og brannberedskap.

Fylkesmannen er aktiv deltakar i Planforum. Dette er ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommunen og regionale sektorstyresmakter. Fylkesmannen deltek også i Kystsonenettverket. Skjerpa fokus på strandsonevernet har ført til at dette er tema i eit aukande tal byggjesaker vi har som setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland.

Det vart arrangert fagsamling for kommunane med tilsyn etter plan- og bygningslova som tema. Talet på handsama saker etter plan- og bygninglova gjekk vesentleg opp i 2007 (212) i forhold til 2006 (141). Vi har aldri handsama så mange saker på eitt år, og auken utgjør ca. 33 % frå fjoråret.

Av dei 212 sakene som vart handsama, var 26 saker klager på reguleringsplan. Restansane er ved årsslutt redusert frå 33 i 2006 til 11 i 2007.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for saker i eige fylke var på 28 dagar i siste kvartal. Året sett under eitt var gjennomsnittleg handsamingstid 58 dagar for byggjesaker og 75 dagar for plansaker. Under eitt var gjennomsnittleg handsamingstid 60 dagar. Lengste sakshandsamingstid for byggjesak handsama i 2006 var 127 dagar.

Vi har tangert rekorden frå 2006 på innkomne settesaker frå Hordaland (77).

93 % av sakene er handsama innanfor tre månader.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med fylkeslandbruksstyret om arealpolitikken. Det vart reist to motsegner på slutten av 2007, i same kommune og med tema bygging av bustad og fritidshus på dyrka jord. Alle kommunar har godkjent arealplan, men nokre av planane tek til å bli gamle. På den andre sida har åtte kommunar gjennomført arbeid med å plukke ut *kjerneområde landbruk*. Arbeidet har fått ulik status i desse kommunane, men på sitt beste er dette ein god metode for arealprioriteringar og som grunnlag for arealdelen av kommuneplanen. For tre kommunar ligg kjerneområda som kartfesta data på nettet, www.fylkesatlas.no.

Kulturlandskapet i fylket har fått auka og positiv merksemd siste åra. Vår innsats er forankra i arbeidet med *regionalt miljøprogram* pluss eit eige prosjekt *opne landskap*, som mellom anna har utvikla metodar for samarbeid mellom grunneigarar, kommunen og vegvesenet for utsikts-rydding langs vegane. Utpeiking av *spesielt verdifulle kulturlandskap* kom berre så vidt i gang pga manglande kriterium frå sentralt hald.

2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Vi reviderte fylkesstrategien for landbruksbasert næringsutvikling, og hovudsatsingsområda vart koordinert med den nasjonale strategien. I det tradisjonelle landbruket har vi ein sårbar struktur med godt under middels bruksstorleik. Men samla sett er totalvolumet på mjølk og sau i fylket likevel blant dei fem- seks største i landet. Dette volumet er viktig for den lokale foredlingsindustrien. Vi synest det er gledeleg at mjølkevolumet gjekk opp med 3,5 %, til tross for at tal produsentar gjekk ned med om lag 100. I hagebruket syner satsinga på bær og morellar best resultat, og det er særst gledeleg at den lokale foredlingsindustrien satsar på fleire lokale produkt. Kombinasjonen av direktekonsum og foredling er ideell fordi det gir betre pris, større fleksibilitet og sikkerheit. Det er også auka interesse for økologisk produksjon av frukt og bær, men det tek tid å bygge dette opp.

Hogsten i skogbruket gjekk ikkje opp i 2007, men det skjer ei profesjonalisering i næringa med meir entreprenørdrift, utvikling av meir effektive taubanar og auka interesse for bioenergi. Til no er det bygd nesten berre små gardsanlegg, men fleire større anlegg er under planlegging. Vårt bidrag er faglege arrangement om bioenergi og auka bruk av massivt tre, kunnskap om ressursituasjonen og virkestilgangen, og delvis finansiering av forprosjekt. Men skogen er meir enn trær. Det vart felt 9-10 000 hjort i fylket, og kjøttverdien har større omsetningsverdi enn levert tømmer. Det blir satsa meir på tilrettelegging av jakt med tilhøyrande guiding, overnatting og servering. Næringa sjølv har eige *utmarksprosjekt* pluss innsats for betre viltforvaltning og samarbeid. Dette fell godt inn i reiselivssatsinga i fylket og natur- og landbruksbaserte opplevingsnæringar har også sin plass i fylkesplanprogrammet. Bygdeturismen er i utvikling, og også her registrerer vi betre samarbeid mellom dei små (opplevingar) og dei store (overnatting). Høgskulen i Sogn og Fjordane utvikla eit kurs i bygdeturisme, delvis i samarbeid med oss.

Vi har eit sårbart landbruk, men det skjer altså positive satsingar innanfor både tradisjonelle og nye næringsgreiner. Det er ein tendens til at det ikkje kjem mange nye aktørar med tilleggsnæringsar, det er heller dei etablerte som utvidar. Det er soleis nedgang i etterspørselen etter etablerarstipend, men auke i bedriftsutvikling. Den gode arbeidsmarknaden er truleg ein del av forklaringa på dette.

Fylkesmannen har, spesielt ved innspel til plan- og inngrepssaker, fokus på ivaretaking av viktige areal for biologisk mangfald. Alle kommunane i fylket har no gjennomført ei grunnleggjande registrering av det biologiske mangfaldet gjennom kartlegginga av prioriterte naturtypar. I ein kommune (Flora) vart det gjeve tilskot til andre generasjon kartlegging.

Det har også dette året vore stor innsats knytt til gjennomføring av nasjonalparkplanen og anna verneplanarbeid. Erfaringane frå Naturbruksprosjektet vert nytta aktivt m.a. i arbeidet med verneplan for Breheimen-Mørkridsdalen, der vi parallelt med verneplanprosessen også gjennomfører idédugnader kring næringsutvikling i bygdene. Fylkesmannen si tilråding om verneplan for edellauvskog vart sendt over til Direktoratet for naturforvaltning (DN) ved årsskiftet 2006/2007. Dette er den siste fylkesvise verneplanen for Sogn og Fjordane og markerer såleis ein viktig milepel i eit viktig, men utfordrande arbeid. Eit nytt framlegg om vern av Krakksfjellet naturreservat vart sendt til DN for fagleg godkjenning.

Vidare har vi vore sterkt involvert i oppfølginga av vedtaket om verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Området fekk godkjent forvaltningsplan i 2007. Det vart sendt på høyring eit omfattande framlegg til nye verneforskrifter og revidert forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Samarbeidet med Statens naturoppsyn (SNO) har vore vidareutvikla, og det er god kontakt med SNO-personell både på kysten og innlandet.

Tap av sau og lam på beite pga freda rovvilt gjekk markert ned i høve til 2006. Erstatningsutbetalinga i 2007 var om lag kr 900.000 (om lag kr 1,7 mill. i 2006). Hovudårsaka til den positive utviklinga var truleg SNO sitt uttak av seks jerv i indre Sogn i mars/april. Samarbeidet mellom miljøvern- og landbruksavdelinga og lokalt mot sankelaga og kommunane, fungerer godt.

Fylkesmannen vedtok forskrift om utviding av hjortejakta med 14 dagar i dei aller fleste kommunane. Det ligg nok ein gong an til ny fellingsrekord.

Samarbeidet i den nye regionen for forvaltning av vassressursane (vassregion vest) fungerer godt. Det vart gjennomført arbeid med forvaltningsplanar for vassområda i Stryn i 2007.

Fylkesmannen har ikkje registrert store konsekvensar i samband med gjennomføringa av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Det vart på nytt påvist lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i Lærdalselva. Fylkesmannen fekk i oppdrag å starta førebuingar med tanke på nye tiltak våren 2008.

Det har vore ein stor pågang av søknader om bygging av små kraftverk. Fylkesmannen mottok 41 saker til fråsegn i 2007. Av desse rådde vi frå utbygging av fem saker, medan vi rådde til at tre søknader burde konsesjonshandsamast. Sogn og Fjordane ligg på topp saman med Nordland i tal søknader.

Tilsyn innan prioriterte ureiningsområde har hatt høg prioritet i 2007. Viktigaste tilsynsaksjonane har vore innan PCB-haldig avfall, avfall og kjemikaliebruk i mindre verksemdar og bygg- og anleggsavfall. Frå august 2007 innførte Fylkesmannen gebyr for arbeidet med utsleppsløyve og kontroll etter ureiningslova.

I samband med at nytt, omfattande avløpsregelverk trådte i kraft i 2007, har Fylkesmannen hatt nær og god kontakt med kommunane.

Miljøstatus vart vidareutvikla på ny plattform. Vidare har det vore produsert heile 138 nyhendeoppslag om miljøvern på Fylkesmannen sine heimesider.

2.6. Samfunnssikkerheit og beredskap

Arbeidet med fylkes-ROS vart avslutta tidleg på året, og den ferdige analysen var tema på møte i fylkesberedskapsrådet. Det er semje mellom etatane/organa i rådet om at analysen gir eit rett bilete av forholda i Sogn og Fjordane.

Det har vore svært nyttig å ha ein grundig gjennomgang av kva som er dei viktigaste tryggleik utfordringane i fylket. Det har òg gjort at vi er relativt trygge i hovudkonklusjonen; Trass utfordringar på mange område, har det aldri vore tryggare å leve og bu i Sogn og Fjordane.

Andre etatar/organ som arbeider med samfunnstryggleik og beredskap ser og nytten i analysen. Vi ser det t.d. som svært positivt at politiet ønskjer å bruke resultatet av fylkes-ROS som eit grunnlag for val av tema (scenario) for øvingar.

Vi har i løpet av året lagt vekt på å vidareutvikle form og innhald i rettleiingsmøta med kommunane. Der det har vore mogleg, har vi gjennomført desse som samtidige møte med DSB sitt brannverntilsyn (fire kommunar). Vi har gjennomført eitt felles rettleiings/tilsynsmøte med Mattilsynet, og vil prøve ut vidare og evaluere denne modellen i 2008. Trygg vassforsyning har vore/vil vere eit viktig tema ved besøk samtidig med Mattilsynet.

Interkommunalt brannvernsamarbeid har vore eit tema under alle rettleiingsmøte. Vi arrangerte eit fagseminar om dette for kommunane i juni, det var òg tema på kommune-konferansen i mai. Det er så langt etablert formelle interkommunale samarbeidsordningar to stadar (Førde – Naustdal og Flora – Bremanger), men generelt viser det seg tungt å få i gang slike prosessar i fylket.

Samhandlinga mellom helseavdelinga og beredskapseininga har utvikla seg i enno meir positiv retning i løpet av året. Under rettleiingsmøta med kommunane gir beredskapseininga munnleg tilbakemelding/råd om helse- og sosialberedskapsplanane. Det har vore eit tett samarbeid om eit opplegg for opplæring i arbeid med beredskapsplanar for kommunane.

Vi har med godt resultat prøvd ut ein ny modell for kriseøvingar i kommunane. Denne gjer det mogleg å øve fleire kommunar på same dag, men utan at utbytet for den enkelte har vorte dårlegare. Vi vil halde fram med denne måten å øve på i 2008.

Vi har samarbeidd med Forsvaret og andre aktørar med å gjennomføre del 1 av "Øvelse Mørejarl", og i planlegginga av del 2 (skal gå i 2008). Vi gav òg vesentlege bidrag til planlegginga og gjennomføringa av den nasjonale "Øvelse Skred", som gjekk i Møre og Romsdal i november.

Klimaendringar har vorte eit endå meir aktuelt tema innanfor arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Vi har delteke i referansegruppe for fylkeskommunen sitt arbeid med ein klima- og miljøplan, og i referansegruppa for det såkalla "Flora-prosjektet". Klimaendringar som premiss for arbeidet med ROS-analysar har vore eit sentralt tema under rettleiingsmøta med kommunane, og i tilbakemeldingane til arealplanar.



2. Utdjupande skildring av resultatområde

3.1. Kongehuset

Kronprins Haakon vitja Sogndal vidaregåande skule 7. juni 2007. Kronprinsen heldt føredrag for 900 elevar og lærarar. Besøket vart kombinert med omvisning og lunsj på Fosshaugane Campus. Fylkesmannen delte ut Kongens fortene-medalje i gull til 5 personar, medan 9 personar fekk medaljen i sølv i 2007. Éin person fekk Den kongelige norske Sankt Olavs orden.

3.2. Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Det vert synt til vedlagte rapporteringsskjema

3.3. Barne- og likestillingsdepartementet

Det vert synt til vedlagte rapporteringsskjema

3.4. Fornyings- og administrasjonsdepartementet

98.1 Rekruttere og behalde medarbeidarar

Det var lyst ut 12 ledige stillingar i løpet av 2007. Det byrja 2 kvinner og 9 menn i nye stillingar ved embetet i 2007 (inkl. ein lærling og ein praktikant). 6 kvinner og 7 menn har hatt gruppe-/ prosjektleiaransvar i 2007. Tre av dei vi tilsette i 2007 har utanlandsk bakgrunn (Europa). Det slutta 7 kvinner og 2 menn i løpet av året.

Det vart tilsett i to leiarstillingar i 2006. Dette gjeld fast stilling som administrasjonssjef og eit vikariat som juridisk sjef. I begge stillingane vart det tilsett kvinner. I 2007 vart det tilsett ny landbruksdirektør. Her vart det tilsett mannleg søkar.

På same måte som andre verksemdar merkar vi at arbeidsmarknaden er vorten strammare. Medan det var 16 søkjarar i snitt på ledige stillingar hjå oss i 2006, vart gjennomsnittstalet i 2007 11 søkjarar. Det har synt seg særleg vanskeleg å rekruttere legar og erfarne juristar. Lønsvivået i embetet ser ut til å vere noko av forklaringa. Vi ser positivt på at Fornyingsdepartementet på administrasjonssjefssamlinga 13.11.2007 signaliserte at dei vil ta initiativ til ei kartlegging av lønsvivået i fylkesmannsembeta samanlikna med andre statsetatar.

IA-arbeid

Embetet er med i dei fora som NAV organiserer innanfor IA-arbeidet, og har delteke i møte og samlingar som har vore gjennomført i 2007.

Sjukefråværet ved embetet var i 2007 på 3,4 %, og har dei siste åra halde seg stabilt på eit akseptabelt lågt nivå. Det er difor ikkje sett i verk særskilte tiltak på dette området i 2007. Vi legg stor vekt på å førebygge belastningsplager ved at det vert kjøpt inn inventar og utstyr som er tilpassa den enkelte medarbeidar sine behov. Det er kjøpt inn heve/senkebord til mange kontorarbeidsplassar dei siste åra. I dette arbeidet er også bedriftshelsetenesta ein viktig medspelar.

Det vart i 2007 starta opp utarbeiding av livsfasepolitikk for embetet der også seniorpolitikken vert revidert. Som ein del av dette arbeidet er systemet for medarbeidarsamtale revidert, slik at denne samtalen betre kan nyttast som grunnlag for individuell oppfølging. Andre tilretteleggingstiltak som mellombels endring av arbeidsoppgåver og hospitering, kan også nyttast ved behov.



Arbeidsmiljøkartlegging

Arbeidsmiljøundersøking vart gjennomført av bedriftshelsetenesta Frisk Bedrift AS i desember 2006 og januar 2007. Undersøkinga vart gjennomført ved hjelp av elektronisk spørreskjema, og resultatet viser at dei tilsette i stor grad opplever embetet som ein god arbeidsplass. Heile 98 % svarar at dei opplever svært bra eller bra trivsel i arbeidet, medan 92 % opplyser at den psykiske tryggleiken er svært bra eller bra. Undersøkinga er følgt opp med

- ? helsesamtale mellom den enkelte tilsette og bedriftshelsetenesta, med m.a. måling av blodtrykk, synstest, høyrselstest og måling av lungefunksjon
- ? innkjøp av diverse kontorutstyr for å betre arbeidsplassen for enkelte medarbeidarar
- ? ombygging av resepsjonsområdet
- ? andre tiltak for å betre innklimaet, herunder temperatur og belysning
- ? betre opplæring i elektroniske hjelpemidlar
- ? betre oppfølging av nytilsette, m.a. med eigne kurs
- ? avdelingsvis oppfølging av oppgåvefordeling og arbeidsformer
- ? oppfølging av andre individuelle ønskje og behov.

98.2 Kompetanseutvikling

Vi legg opp til ei drøfting av kompetansebehov i samband med verksemdplanprosessen og medarbeidarsamtalar, og utarbeidar årleg kompetanseplanar, ein for felles tiltak i embetet og ein for kvar avdeling.

98.3 Medverknad

Det vert lagt stor vekt på at samarbeidet mellom dei tilsette, vernepersonellet og leiinga skal fungere godt og verke positivt på arbeidsmiljø og trivsel. Dette prøver ein å oppnå gjennom nært samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar og gjennom bruk av arbeidsgrupper der dei tilsette deltek. Leiinga og dei tillitsvalde har faste møte i tråd med hovudavtalen ein gong pr. kvartal. I samband med besøk frå politisk og administrativ leiing i Fornyingsdepartementet 21. mai, vart det halde allmøte der tema var forvaltningsreforma og e-forvaltning. Tre representantar for dei tillitsvalde og ein frå leiinga deltok på FAD si regionsamling om avtaleverket 7. og 8. november. Vi arrangerte internkurs i hovudavtalen 9. november med om lag 20 deltakarar frå leiing og tillitsvalde.

98.5 IKT-området

Vi har implementert og gjennomført opplæring i fjernaksessløysinga Juniper. Vi legg stor vekt på informasjonstryggleik og gjennomfører jamleg ROS-analysar. I 2007 har vi lagt vekt på å følgje opp tiltaka i handlingsplanen som vart utarbeidd etter ROS-analysen i 2006. Vi har utarbeidd ein IKT-instruks for bruk av IKT-utstyr hjå Fylkesmannen som alle tilsette har fått opplæring i, og som er lagt inn i introduksjonsprogrammet for nytilsette. Vi har investert i ei ny kjølemaskin på serverrommet, fått på plass ekstra internettlinje for å sikre oss mot nedetid og har starta arbeid med å oppgradere brannmurane våre. I samarbeid med fylkeskommunen har vi investert i eit sentralt system for disklagring (SAN) for å sikre samanhengande drift av kritiske system. Dette er viktige tiltak med tanke på at vi har ansvar for drift av nasjonale tenester som Trippelnett, partistøtte og fri rettshjelp, og i tillegg ansvar for IKTdrifta til Direktoratet for forvaltning og IKT.

3.5. Helse- og omsorgsdepartementet. Sosial- og helsedirektoratet.

Det vert synt til vedlagte rapporteringsskjema, vedlegg I.

3.6. Helsetilsynet

Det vert synt til følgjande rapporteringsskjema:

Klagesaker etter sosialtenestelova

Tilsyn etter sosialtenestelova.



82.1 Hendelsesbasert tilsyn - Politisaker

I 2007 har vi hatt til saman om lag 5 kontaktar med politiet der spørsmål om etterforsking har vore tema. Det har ikkje vore saker der Helsetilsynet på eige initiativ har bede politiet etterforske. Det har heller ikkje vore saker kor det er vurdert om det bør begjærast påtale.

3.7. Justisdepartementet.

51 Siviladministrasjon

51.1 Stiftingar

Alle saker er overført til Stiftelsestilsynet. Vi har gitt noko rettleiing og informasjon om at ansvaret er overført til Stiftelsestilsynet.

51.2 Vergemålslova

Vi har handsama 35 saker. Av desse var 26 godkjenning av rekneskap for 2006. Vi har ikkje arrangert eller delteke i samlingar for overformynderia i 2007.

51.3 Forlikråda

Det har ikkje vore særskilt oppfølging av saker som gjeld mangelfull verksemd i forlikråd.

51.5 Tomtefestelov

Det er handsama to saker om tomtefeste.

51.7 Kommunale politivedtekter

Ingen saker handsama i 2007.

52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

FM har rapportert kvartalsvis til Justissekretariatene. Oversikta viser at vi handsama 517 saker i 2007 og hadde ein restanse på 12 saker ved årsskiftet. Dei fleste er handsama innan 3-4 veker etter at dei kom til Fylkesmannen, berre omlag 1% av sakene tok lenger tid enn fire veker. Vi syner elles til den fullstendige rapporten til Justissekretariatene på eige rapporteringsskjema.

52.3 Namnelova

Ingen omgjeringsvedtak eller prinsipielle vedtak oversendt til departementet.

Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

53 Regional samordnar

Fylkes-ROS vart ferdig i løpet av året, og er brukt aktivt m.a. i arbeidet med informasjon om fylket sine risiko- og sårbarheitsutfordringar i ulike fora. Kommunane har fått rapporten, og er oppmoda om å bruke den som grunnlag for arbeid med eigne ROS-analysar. Analysen vil vere eit viktig grunnlag for oppdateringa av embetet sitt eige kriseplanverk.

Kommunane sine planverk etter lov om helsemessig og sosial beredskap har vore eit tema i alle rettleiingsmøta beredskapseininga har hatt med kommunane. Kommunane er sterkt oppmoda om å ha eit mest mogleg samla og samordna planverk, der helse- og sosialberedskapsplanen kan utgjere stammen.



Vi har hatt eit møte med fylkeskommunen om transportberedskap, og stilt oss positive til å bistå med planlegginga av denne.

Frivillige organisasjonar er invitert ved ei rekke høve der dette har vore naturleg, m.a. på møte i fylkesberedskapsrådet og ved kommuneøvingar. Under rettleiingsbesøka har vi teke opp dei frivillige organisasjonane si rolle i forhold til kommunal beredskap.

Det endelege oppdragsbrevet om klimatilpassingsdag for kommunane kom så seint frå DSB at det ikkje vart høve til eit slikt arrangement i 2007. Vi vil samarbeide med fylkeskommunen om eit seminar i april. Miljøvernavinga og Landbruksavinga vil og bidra i gjennomføringa av dette.

Fylkesmannen sin atomberedskapsplan er gjennomgått og oppdatert etter mal frå Statens strålevern. Det er gjennomført møte i atomberedskapsutvalet der planverket i etatane i den regionale atomberedskapsplanen var eit viktige tema.

54 Rettleiar og pådrivar overfor kommunane

Vi har gjennomført alle pålagde tilsyn som rettleiingsbesøk, i tråd med presiseringane i den reviderte kommunelova. Når det gjeld kommuneretta aktivitet elles innanfor dette resultatområdet, vert det vist pkt. 2.5.

55 Førebyggjande samfunnstryggleik i arealplanlegginga

Vi orienterer om forventningane til samfunnstryggleik og beredskap når embetet gir tilbakemeldingar på oppstartsvarsel for rullering av kommuneplanar. Vi har nytta motsegnsinstituttet aktivt, jf. kommentarar under pkt. 2.4.

56 Samordning ved ekstraordinære hendingar i fred, kriser og krig

Eksplosjonen ved "Vest-Tank" sitt anlegg i Gulen vart ei utfordrande hending for både lokale, regionale og sentrale instansar med ansvar. Saka er grundig omtala og evaluert ved tidlegare høve og vert difor ikkje omtala her.

Vi har eit godt samarbeid med Heimevernet, jf. m.a. omtalen av øvingar under pkt. 2.5.

Vi utfører dei pålagde oppgåvene etter Fritaksordninga.

3.8. Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 62 – Kommuneøkonomi

Per 31.12.07 var 7 av dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane i Robek.

I 2007 gjennomførte mange kommunar krevjande prosessar for å få budsjett (2008) og økonomiplan (2008-2011) i balanse. Folketalet i fylket syner ei auke på ca. 50 personar i 2007, dvs. ei auke på ca. 0,1 %. Det er i dei større kommunane (Førde, Flora, Sogndal og Stryn) vi finn folketalsauke, medan dei fleste kommunane har nedgang i folketalet. Sogn og Fjordane er og eitt av fylka med størst flyttetap. Nedgang i folketalet medfører reduserte overføringar trass i at kommunane sine kostnader er sprangvis faste.

Robek-kommunane får i hovudsak berre lån til sjølvfinansierande prosjekt, og der det er gitt pålegg om utbetring frå tilsynsmyndigheit eller der det er samarbeid med andre. Kor mange kommunar som kan meldast ut av Robek i 2008, vert klart når årsrekneskapsplanen for 2007 er vedteken av kommunestyra.

Vi heldt av 7 mill. kr til fornyingsarbeid for 2008, dvs. ein reduksjon på 1 mill. kr i høve til 2007. På dette området samarbeidar vi tett med Fylkeskommunen, KS og regionråda for å få best mogleg forankring og samordning av fornyingsarbeidet. Ingen kommunar har vurdert

kommunesamanslåing i 2007, men regionane utviklar eit stadig tettare samarbeid på fleire område. Her har fornyingsmidlar vore ei viktig drahjelp.

Terra-saka førte til mykje ekstraarbeid for embetet mot slutten av 2007. Fylkesmannen gjennomførte lovlegkontroll i samband med Bremanger og Vik kommune sine finansplasseringar.

62.1: Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsane i kommunelova Behandling av økonomisaker etter kommuneloven

1. Behandling av kommunale budsjettvedtak, jf. kommunelovens § 59 og 60.

1.1. Fylkesmannens behandling av kommunale budsjettvedtak	Tal
Kor mange budsjett har Fylkesmannen behandla i 2007?	10
1.2. Oppheving av kommunale budsjettvedtak	
a) Budsjetta blei oppheva på grunn av formelle feil	0
b) Budsjetta blei oppheva på grunn av budsjettet sitt økonomiske innhald	3
c) Budsjetta blei oppheva av andre årsaker	0

2. Godkjenning av kommunale låneopptak, jf. kommunelova § 50

2. Fylkesmannens si behandling av kommunale låneopptak i 2007	Tal
a) Kor mange søknader om godkjenning av kommunale låneopptak har Fylkesmannen gjort vedtak om i 2007 ?	24
b) Kor mange av desse låneopptaka godkjente Fylkesmannen ?	24
c) Kor mange av desse låneopptaka blei ikkje godkjent av Fylkesmannen ?	12
Merk: Nokre av lånesøknadane kjem som eigne søknader, medan andre er ein del av budsjettvedtaka som skal godkjennast. I tillegg er det enkelte søknader om lån vi både delvis godkjenner og delvis avslår. I tala over er det snakk om 24 søknader, som inneheld fleire tiltak/låneformål. 12 avslag er knytt til enkelttiltak/formål.	

3. Godkjenning av kommunale garantiar, jf. kommunelova § 51

2. Fylkesmannens si behandling av kommunale garantivedtak i 2007	Tal
a) I kor mange søknader om godkjenning av kommunale garantivedtak har Fylkesmannen gjort vedtak i 2007?	3
b) Kor mange av disse garantivedtaka godkjente Fylkesmannen?	3
c) Kor mange av garantivedtaka blei ikkje godkjent av Fylkesmannen?	0

Det er framleis utfordringar å balansere statlege krav og forventningar i høve til den kommunale økonomien. Med 7 kommunar i Robek og stram økonomi i mange kommunar, følgjer Fylkesmannen ei forholdsvis streng line i høve låneopptak til nødvendige tiltak for å støtte lovkrav. Vi må stadig skilje mellom "må-oppgåver" og "bør"-oppgåver. Dette er understreka både internt i embetet og eksternt i høve til aktuelle kommunar.

§ 60 Robek

Ved inngangen av 2008 er 7 av 26 kommunar i ROBEK. 4 vart utmeldt i 2007 og ein vart innmeldt.

§ 44 Økonomiplan

Kommunane kontrollerer at kommunane sine økonomiplanar er i balanse. Dei tre kommunane som ikkje hadde budsjettet i balanse, hadde ein økonomiplan som ikkje var i samsvar med krava i kommunelova.

§ 45 Årsbudsjett

Tre kommunar fekk ikkje godkjent budsjettvedtaket, men etter 2. gongs handsaming vart budsjettvedtaka godkjent.

§ 50 nr. 9 Kommunale låneopptak

Fylkesmannen legg til grunn desse føringane for lånegodkjenning til ROBEK- kommunar:

- Vilkår for å ta opp lån er at budsjett og økonomiplan er i balanse
- Berre ta opp lån som er sjølvfinansierande
- Rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

62.2 Økonomiforvaltning – rettleiing

Med 7 kommunar i Robek har vi framleis fokus på desse, dvs. med tett oppfølging av forpliktede planar. Dei kommunane som "slit" mest har fått høgast prioritert og tettast opp-følgning.

Ein av kommunane fekk "øyremerkte" skjønnsmidlar i 2007. Midlane vart haldne tilbake inntil kommunen hadde tilfredsstilt krava om budsjettet i balanse. I budsjettbrevet fekk alle Robek-kommunane krav om statusrapportering til Fylkesmannen – kvartals- eller månadsvis. Dette for å vise om kommunen klarer å halde vedteke budsjett og ev. syne korrigerande tiltak dersom avvik. Dette kravet fører gjerne til ei tettare intern rapportering i kommunane enn det som tidlegare har vore vanleg. Vi har også i 2007 hatt fleire møte med enkeltkommunar der økonomi og omstillingsarbeid har vore tema.

På ulike samlingar med kommunane, gjennom brev og informasjon på våre heimesider har vi understreka kommunane sitt ansvar for å rapportere Kostra-data i tide (15. februar), m.a. for å sikre betre datakvalitet. I samband med rapporteringa har vi rettleia kommunar som har teke kontakt med oss.

Økonominettverket for Sogn og Fjordane har vore i drift i 2 år. Målsetjinga for nettverket er god kvalitet på økonomi- og rekneskapsarbeid. Vi ser at nettverket er ei arena som kan møte behova til kommunar med små og sårbare fagmiljø. Det er oppretta eit eige arbeidsutval for nettverket med representantar frå kommunane og kommunerevisjonen. Utvalet er viktig når det gjeld det faglege innhaldet på samlingane (2 pr. år). Vi ser òg at det etter kvart skjer eit fagleg arbeid mellom fylkessamlingane i fleire av regionane. Nettverket har ei eiga heimeside <http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33569>.

Vi brukar heimesida vår aktivt i arbeidet med å informere og rettleie kommunane. Etter kvart har kommunane blitt fortrulege med denne kommunikasjonsforma.

63 Kommunalrett og vallov

63.1 Kommunalrett

I 2007 har vi gjort vedtak i 8 saker om lovlegkontroll teke opp etter klage, jf kommunelova § 59 nr 1. Vi har oppretthalde alle avgjerdene. Det er ikkje teke opp saker på eige initiativ, jf kommunelova § 59 nr 5.

63.2 Vallova

Det vart gjennomført valkonferanse i samarbeid med KS. 23 av 26 kommunar var representert. Vi har halde opplæringskonferansar for nyvalde kommunestyremedlemmar.

64 Forvaltningslova og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Det er handsama 7 saker om avslag på begjæring om innsyn etter offentleglova og forvaltningslova.

65 Kommuneinndeling

Ingen saker i 2007.



66 Bustad og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Fylkesmannen har rapportert tertialvis om byggesaker på rapportering.fylkesmannen.no. Talet på handsama saker er gått vesentleg opp i 2007 (212) i forhold til 2006 (141). Vi har aldri handsama så mange saker på eitt år, og auken utgjør ca. 33 % frå fjoråret. Restansane er ved årsslutt redusert frå 33 i 2006 til 11 i 2007. Restansane har gått frå 32 i tredje kvartal til 11 i fjerde kvartal. Det er ingen nye fristbrot i siste periode.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for saker i eige fylke var på 28 dagar i siste kvartal.

Vi har tangert rekorden frå 2006 på innkomne settesaker frå Hordaland (77).

Det vart gjennomført opplæringskonferanse om Tilsyn etter plan- og bygningslova i samarbeid med Statens Byggtekniske etat (BE). Noko informasjonsverksemd var også teke med i opplæringskonferansar for nye folkevalde etter kommunevalet. Det har elles vore mykje fortløpande råd og rettleiing til kommunane.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Vi har hatt 3 saker om ekspropriasjon og/eller førehandsovertaking av areal til handsaming i 2007.

66.3 Klager etter eigarseksjonslova

Ingen saker.

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett til leigegård

Ingen saker.

3.9. Kultur- og kirkedepartementet

95 Trudoms- og livssynssamfunn

I 2007 handsama vi ein søknad om registrering av nytt trussamfunn. Søknaden vart avslegen. Vi mottok ingen førespurnader om godkjenning av nye forstandarar. Utbetalt statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn var på til saman 210 924 kroner, ei auke på omlag 31 000 kroner i høve til 2006. Vi mottok ingen klager over kommunale vedtak på dette området.

96 Gravferdslova

I 2007 mottok vi 4 søknader om oskespreiing, mot 15 i 2006 og fire i 2005. Vi imøtekom 3 av søknadene.

97 Lov om helgedagsfred

I 2007 kom det inn 8 saker mot 12 saker i 2006. Sakene gjaldt dispensasjon frå opningstidene som er fastsette i lova. Dispensasjonssakene vart handsama fortløpande, og ved årsskiftet hadde vi ingen slike saker i restanse. Flåm og Gudvangen fekk status som typiske turiststader.

3.10. Kunnskapsdepartementet. Utdanningsdirektoratet.

31 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på utdanningsområdet

31.1 Tilsyn

Kommentarar til tilsynsarbeidet er teke inn på skjemaet som gjeld tilsyn. Det nasjonale tilsynet vart gjennomført og rapportert etter planen.

Lukking av avviket som vart gjeve til den eine private grunnskulen, er ikkje avslutta. Tilsynet vart føreteke 17.10. og det har etter den tid vore ein korrespondanse mellom FM og skulen om kva som kan vere eit akseptabelt opplegg for å lukke avviket, som gjeld for svak montessori-kompetanse ved skulen.

Dei andre avvika som vart gjevne i 2007 gjaldt tre av kommunane i det nasjonale tilsynet. FM har fått skriftleg tilbakemelding frå alle tre kommunane, men avvika er ikkje endeleg lukka. Vi er i stadig kontakt med desse kommunane om korleis dei skal få dette på plass. Grunnen til at det har teke meir tid enn ønskjeleg, er fleire forhold:

Det dreiar seg om avvik i forhold til kravet om eit forsvarleg system etter § 13-10. Vi vart i utgangspunktet einige med kommunane om at dei først burde få tilgang til den nasjonale rettleiaren før dei forma ut sine system. Denne rettleiaren vart sterkt forsinka i høve det som var forventa på den tida då tilsyna vart gjennomførde (skulle komme før sommaren).

Kommunane ønskte å utarbeide eit meir generelt system og ikkje berre avgrensa til §1-2 og kap 5. Dette gjorde omfanget av arbeidet relativt omfattande.

Det var val på nye kommunestyre i haust og kommunane ønskte å involvere dei nye politikarane

Det vert synt til vedlagte rapporteringsskjema, vedlegg II.

31.2 Klagesakshandsaming

Klage i grunnskulen:

Type	Medhald/delvis medhald	Avslag	Sum
Spesialundervisning	9	12	21
Standpunkt karakterar	20	23	43
Skuleskyss	7	3	10
Avgangsprøva i engelsk	1		1
Avgangsprøva i norsk , hovudmål	7	14	21
Avgangsprøva i norsk, sidemål	4	16	20
Avgangsprøva i matematikk	4	3	7

Klage på spesialundervisning har gått opp frå 18 i 2006 til 27 i 2007

Klage i vidaregåande opplæring:

Type	Medhald/delvis medhald	Avslag	Sum
Klage på spesialundervisning	0	1	1

Klage i private skular: Ingen

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder:

Type	Medhald/delvis medhald	Avslag	Sum
Spesialundervisning	3	2	5

Klagebehandling etter sentralt gitt eksamen med sentral sensur vgo hausten 2006, AA-fag heile landet

Type	Medhald Klage opp	Klage ned	Avvist Inga endring	Sum
Klage på eksamenskarakter, AA-fag, vgo hausten 2006	49	6	300	355

31.3 Grunnskulen sitt informasjonssystem, GSI

I 2007 vart det ført tilsyn med 6 skular i høve forsvarleg gruppestorleik. Ved 1 av skulane vart det avdekka feilrapportering i GSI, mens det for 5 av skulane vart gruppestørrelsen vurdert til tilfredsstillande, det vart ikkje gjeve pålegg til å styrkje undervisningstimetalet.

31.4 Informasjon og rettleiing.

Ikkje rapporteringskrav

31.5 Eksamen og nasjonale prøver

Ressursinnsats 1,02 årsverk av i alt 5,8 på utdanningsområdet. Praktisk talt alt dette gjaldt eksamen, inkludert nasjonal klagebehandling i samband med hausteksamen i vidaregåande opplæring.

Slik tilsynstema var utvalde i det nasjonale tilsynet og i det eigendefinerte tilsynet i 2007, var det lite aktuelt å nytte informasjon frå prøver og eksamen. Vi nytta i staden informasjon frå GSI og frå elevundersøkinga. Dette kan stille seg annleis eit anna år med andre tema.

31.6 Forsøk

Det kom ikkje inn søknader som gjaldt forsøk etter § 1-4

32 Oppgåver knytt til Kunnskapsløftet og anna utviklingsarbeid

32.1 Læreplanarbeid

Ikkje rapporteringskrav.

32.2 Kompetanseutvikling

Av dei 5,8 årsverka ved avdelinga vart det utført 0,53 årsverk under dette punktet. I tillegg vart det ved hjelp av midlar frå kap 226 og 231 (barnehage) engasjert åtte eksterne personar i til saman 1,6 årsverk. Dette er ein frå kvar av dei fire regionane (grunnskule og barnehage), fylkeskommunen (vidaregåande opplæring), to frå Høgskulen i Sogn og Fjordane (skule og barnehage) og ein prosjektleiar for den 3-årige satsinga Naturfag til glede og nytte (lærarar frå grunnskulen og vidaregåande skule som får vidareutdanning/etterutdanning). Alle er engasjerte i 20% stilling.

32.3 Skoleporten

Tre personar utførte arbeid på området og det utgjorde til saman om lag 3 vekeverk. Opplysningar frå elevundersøkinga vart nytta i tilsynsarbeidet.

32.4 Nasjonale strategiplanar, program og utviklingsoppgåver

Gi rom for lesing

Vi syner til eiga rapportering til direktoratet.

Fylkesmannen har eit omfattande engasjement når det gjeld entreprenørskap og likeverdige opplæring i praksis og realfag.



Entreprenørskap

Fylkesmannen sit i programstyret for fylkesplanprogrammet for Entreprenørskap og Nyskaping og er i partnerskap med ei rekkje aktørar med på å arbeide målretta for forankring av entreprenørskapstanken i m.a. skuleverket.

Fylkesmannen har over år satsa på å stimulere til ei breiddesatsing i entreprenørskap i grunn- og vidaregåande skule. Satsinga er no over i ein konsolideringsfase og i 2007 var det sett av kr 600 000,- til utviklingsprosjekt i grunn – og vidaregåande skule. I 2008 er det planlagt å trekkje inn eit forskingsmiljø som skal evaluere effektane av breiddesatsinga i skulen i Sogn og Fjordane. Det meste av midlane til dette arbeidet kjem no frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkesmannen sit i [styret for Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane](#).

Likeverdig opplæring i praksis

Fylkesmannen innleia samarbeid med NAV Sogn og Fjordane om gjennomføringa av ein fylkeskonferanse med tema som: integrering av minoritetsspråklege i kommunane, kvalitet på norskopplæringa, kva er utfordringane og korleis tek vi tak i dei her i vårt fylke. Av ulike grunnar er konferansen flytta til starten av 2008. Fylkesmannen føl opp innspela frå konferansen i samarbeid med NAV.

Elles har det vore halvårlege møte med fokuseiningane og gjennomført konferanse av ein to-dagars konferanse for lærarane som underviser minoritetsspråklege vaksne.

Realfag – naturfag til glede og nytte

"Naturfag til glede og nytte - få inspirasjon til undervisninga" er utarbeidd i samarbeid mellom Fylkesmannen og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Bakgrunnen er Kunnskapsløftet sitt krav til auka kompetanse i naturfag. Studiet er ei målretta satsing over tre år på kompetanseheving i naturfag i grunn- og vidaregåande skular i Sogn og Fjordane. Lærarar som ønskjer å ta studiet som vidareutdanning må vere knytte til skular som skal delta i denne satsinga. Dei får rolla som prosjektleiar ved eigen skule og ansvar for å rettleie kollegaer som deltek i prosjektet som etterutdanning utan å ta eksamen. Det kan vere eitt eller fleire utviklingsprosjekt ved kvar skule.

Undervisninga vil gå føre seg på fellessamlingar med tilbod av ulike fagbaserte verkstader der alle deltakarane skal delta på sjølvvalde verkstader. Mellom samlingane vert studentane frå dei ulike skulane organiserte i regionale studieringar. Det skal vere fem samlingar fordelte på tre år. To vart gjennomført i 2007.

Lærande nettverk

Frå skuleåret 2007-2008 er det 10 skular med i nettverket – alle barneskular. Samarbeidet er godt mellom skuleeigar, skular og fagmiljø. I dette nettverket arbeider ein breiare fagleg og ikkje eksklusivt retta inn mot eitt skulefag, slik som i tidlegare nettverk..

32.5 Tiltak innan tilpassa opplæring og spesialundervisning

"Tilpassa opplæring for alle"

Fylkesmannen tok saman med fylkeskommunen i slutten av 2006 initiativet til eit 3-årig prosjekt med nemnde tittel. Deltakarar er fylkeskommunen/tre vidaregåande skular og seks kommunar. Arild Kvernevik, Statped Vest vart engasjert som prosjektleiar. Prosjektet vert finansiert av Fylkesmannen (Skjønnsmidlar til fornyingsprosjekt kap. 571 post 64) og fylkeskommunen.

Hovudmåla for arbeidet i prosjektet:

Identifisere forhold som kan påverke grad av tilpassa opplæring i høve til bruk av spesialundervisning etter einskildvedtak på nivå skule og kommune/ fylkeskommune

I samarbeid med deltakande kommunar / fylkeskommune vurdere desse, og iverksette tiltak som vil ha effekt og som vil føre til større grad av tilpassa opplæring for elevane. Gje støtte til involverte skuleeigarar i gjennomføring av tiltaka
Vurdere effekten av tiltaka ved ny kartlegging i skular/kommune/fylkeskommune
Sikre at prosjektresultata kjem heile fylket til gode

38 Tilsyn- og forvaltningsoppgåver på barnehageområdet

38.1 Tilsyn

Det er utført tilsyn i to kommunar med tema "kommunen sitt tilsyn med barnehagar jf. Barnehagelova § 16 og kommunen som godkjenningssmynde jf. Barnehagelova §§10 og 11 jf. Barnehagelova §§1 og 2. Det vart ikkje gjeve avvik. I den eine kommunen vart det gitt ein merknad. Sjå også skjema under punkt 31.1
Resultatområda 38 og 39 knytt til barnehageområdet stod for til saman 1,15 årsverk.

38.2 Klagesakshandsaming

Tal klagesaker: 0

38.3 Informasjon og rettleiing

Fylkesmannen har hatt kurs for alle kommunane med tema: "Praktisering av kravet om økonomisk likeverdig behandling i 2007". Fylkesmannen har i samtalar og e-post vore i dialog med kommunane om forskrifta. Dei fire kursregionane har oppnemnt "superbrukarar" som har vore på kurs i Fylkesmannen sin regi.

38.4 Tilskotsforvaltning

Det er ikkje rapporteringskrav i årsrapporten

39 Oppgåver knytt til barnehageløftet og anna utviklingsarbeid

39.1 Utbygging

Barnehagedekninga i fylket pr. 31.12.07 er 97,1% i aldersgruppa 3-5 år og 85,1% i aldersgruppa 1-5 år. 98,1% av femåringane i fylket gjekk i barnehage i 2007. På tross av utbygging - både nybygg og utviding av eksisterande lokale – var det 74 barn fordelt på 7 kommunar på venteliste ved årsskiftet 2007-2008. Ventelistene hadde frå 3 – 21 barn. Desse kommunane oppgjev at dei vil oppnå full barnehagedekning i løpet av 2008.

39.2 Kvalitetsutvikling

Sjå pkt 32.2 ovanfor når det gjeld korleis arbeidet er organisert med innleigde folk i 20% stillingar. Dette er ein modell som så langt viser til ekstra igangsette aktivitetar i alle regionane. Vidareutdanning innan IKT har vore hovudsatsing i år. Elles har barnehagetilsette i alle regionane fått tilbod/delteke på regionale og kommunale kurs som har dekkja store deler av fagområda i rammeplan/temahefte.

Kompetansetiltak for barnehagepersonell i fylket:

Leiarkonferanse, 2 dagar med tittel; leiing i barnehagen, muligheiter, utfordringar og dilemma.

Barnehagekonferanse, 2 dagar med hovudfokus på medverknad, kosthald og helse og matematikk i barnehagen. 4 regionale samlingar med tema kosthald og helse. Nokre kommunar har delteke med personale i regionale og ei nasjonal samling med tema likestilling i barnehagen. Fylkesmannen saman med HSF har tildelt midlar til FOU-arbeid med tema: Likestilling i barnehagen, digital fokus på leik og samspel, tal, rom og form og sunt for kroppen godt for hjarta.

39.3 Nasjonale strategiplanar og særskilde satsingsområde

Fylkesmannen deltek i styringsgruppa for "nasjonalt kompetanseutviklingsprosjekt med tema språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk" saman med HSF og HIO. Fylkesmannen har delteke på informasjonssamling med HIO, og i

eige fylke har HIO, HSF og Fylkesmannen hatt etableringsmøte for prosjektet. Fylkesmannen har hatt ansvar for rekruttering av prosjektbarnehagane og tilrettelegging for barnehagesamling.

Fylkesmannen har koordinert arbeidet med "Handlingsplan for likestilling" for fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Sluttrapport følgjer vedlagt.

3.11. Landbruks- og matdepartementet

21 Landbruksbasert næringsutvikling

21.1 Jordbruk og hagebruk

Vi har ein småskala bruksstruktur med mindre areal og dyretal pr bruk enn dei fleste andre fylke, og dette gjer oss sårbare ved stram driftsøkonomi. Men vi ser også tydeleg tru på framtida i deler av produksjonsmiljøet med satsing og utviding på både samdrifter og enkeltbruk. Vi vil derfor truleg få ein meir variert bruksstruktur enn tidlegare, til dømes innanfor mjølkeproduksjonen. Til tross for at tal bruk gjekk ned med ca 100, auka mjølkevolumet med ca 3,5 %. Vi synest dette er svært positivt, ikkje minst med tanke på arbeidsplassane i meieriindustrien.

Nedgangen i sauehaldet held fram, mest for dei små besetningane. Ulike former for samarbeid på både bygningar og beitebruk er under utforming, og næringa startar eit eige prosjekt på sauehald for å hjelpe brukarar som vil satse. I indre Sogn var det stor konflikt mellom saue-beiting og freda rovvilt i 2006, men dette retta seg mykje i 2007. Årsaka er ekstrainsatsen frå Statens Naturoppsyn som fekk redusert jervetalet i dette fjellområdet. Forvaltninga av freda rovvilt i område med sterke beiteinteresser er svært krevjande, så sjølv om samarbeidet er godt er det vanskeleg når freda rovvilt slår seg til dette fjellterrenget.

Innafor hagebruket har målretta satsing på steinfukt og bær halde fram med morellar og bringebær som viktigaste kulturane. Trass i avlingssvikt i morellar i Lærdal siste året er det optimisme og vilje til å satse vidare, og planlagd nyplanting på 15 000 tre komande år vil auke arealet med over 100 dekar. Avlingssvikten gav liten eksport siste året, men dette vil ta seg opp att og kunne gje eit vesentleg bidrag til hagebrukssektoren. Dette gjeld i første omgang morellar og bringebær, men også plomme har eit stort potensiale. Næringa samarbeider tett med Innovasjon Norge for å utvikle desse mulegheitene.

21.2 Skogbruk

Skogeigarlaget er viktig for både det tradisjonelle skogbruket og betre utnytting av andre utmarksressursar. Hogsten ligg på same nivå som dei siste åra, dvs ca 50 000 m³ til skur og massevirke, pluss om lag like mykje til ved. Milde vintrar gir krevjande driftsforhold, noko som krev betre vegar og betre driftsteknikk og moderne taubanedrift er noko av svaret på dette. Skogeigarlaget har satsa på *hogstmobilisering* og det er svært viktig å halde oppe driftsapparatet og hogstvolumet i påvente av den store granhausten. Også fylkeskommunen engasjerer seg for skogbruket, både gjennom deltaking i utgreiinga om *kystskogbruket*, og ved støtte til skogsvegar. Næringa er også opptekne av betre utnytting av jaktressursen, hovudsakleg hjort, der dei mellom anna arbeider for betre organisering, tilrettelegging og marknadsføring gjennom eigne prosjekt med tema *hjordemerking* og *utmarksbasert næringsutvikling*.

Omfanget av planting og skogkultur gjekk opp med ca 20 % i 2007, men framleis blir berre ca tredjeparten av hogstarealet aktivt tilplanta med ny skog. Vi gir råd til kommunane om veg-bygging, forvaltninga av miljø- og næringsmidlane til skogbruk går greitt, likeeins skogfond- ordninga. Det er gjennomført resultatkontroll for skogbruk og miljø.

Viser også til kap 2.5 og resultatområde 22.5. om bioenergi.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Strategiplanen for bygde- og næringsutvikling i Sogn og Fjordane vart utarbeidd i samarbeid mellom næringsorganisasjonane, KS, fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Dei prioriterte satsingsområda er dei same som i den nasjonale strategien "Ta landet i bruk". Gjennom året har det vore ein kontinuerleg dialog med Innovasjon Noreg og fylkeskommunane for å sikre ein målretta bruk av ulike verkemiddel. Vi deltek i programarbeidet i fylkesplanen, mest aktivt dei to programområda *Opplevingsnæringar* og *Entreprenørskap*.

BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Fylkesmannen nyttar kring 20% av BU-midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, dvs 6 mill kroner pluss inndregne midlar. Vi har søknadsfrist 1. april, og deretter drøftar vi fordelinga med faglaga før fylkesmannen gjer vedtak. I 2007 var midlane fordelt på 55 saker. I tillegg var det 20 saker som fekk avslag. Midlane fordeler seg slik på dei ulike innsatsområda:

<u>Innsatsområde</u>	<u>Kroner</u>	<u>%</u>
Småsamfunn	886.000	15
Matproduksjon	1.821.500	30
Økologisk landbruk	90.000	1
Tre og bioenergi	522.000	9
Reiseliv og opplevingar	2.240.000	37
Inn på tunet	200.000	3
Andre tiltak	330.000	5
SUM	6.292.500	100

Landbruket i Sogn og Fjordane er i kontinuerleg omstilling og fylkesmannen har sett det som viktig å stimulere desse prosessane slik at omstillinga er tufta på kunnskap. Saman med faglaga og næringsorganisasjonane har vi no mobiliseringsprosjekt på storfe, geit, sau og skog/utmark. I tillegg til fylkesprosjekta er det òg starta mobiliseringsprosjekt i einssilde kommunar. Mobiliseringa vert følgd opp av Innovasjon Noreg når bedrifter tek tak i eigne utfordringar.

Prosjektet "Utmarksbasert reiseliv" har no gått i tre år, og er kome langt i arbeidet med å få fram produkt til sal. Prosjektet har eit godt samarbeid med andre aktørar og arbeider målretta for å få fram gode produkt, godt vertskap og gjere dette tilgjengeleg i marknaden. Saman med Innovasjon Noreg har vi utfordra prosjektet til å gå frå å drive mobilisering/tilrettelegging til i større grad å bli ein marknadsaktør.

Saman med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg har vi brukt betydelege midlar for å utvikle reiselivet. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for småskala reiseliv og arbeider for tettare kontakt med dei store aktørane. Dette skjer m.a. gjennom Norsk Bygdeturisme og Gardsmat.

Det er nytta svært lite ekstra BU-midlar til økologisk landbruk. Vi har i større grad retta dialogen mot butikkar m.m. og bede dei seie kva varer marknaden etterspør, og vi ser resultat av profileringsarbeidet ved auka etterspurnad etter økologiske varer i butikk. Men det går seint med å få opp produksjonen. Vi vil rette arbeidet mot konkrete enkeltbruk, og vi held fast på våre strategiar om å satse på frukt/bær, mjølk og kjøt.

Vi arbeider for produksjon av velferdstenester på gardsbruk, jamfør den nasjonale satsinga *Inn på tunet*. Vi har til no hatt fleire tilbydarar enn kjøparar av slike tenester, men med auka informasjon og kunnskap trur vi dette vil snu. Det er eit eige nettverk mellom tilbydarane, som vi støtter fagleg.



Bedriftsretta tiltak

Innovasjon Noreg forvaltar BU-midlar til bedriftsretta tiltak i tråd med strategiplanen, og vi har motteke rapport frå dei. I 2007 fekk dei tildelt tilskotsmidlar på kr 23,7 mill og rentestøtte på 57,8 mill pluss overførte og inndregne og midlar. Støtte til bedriftsutvikling og etablerarstipend har framleis høgst prioritet. Men etterspurnaden etter etablerarstipend er halvert i høve til tidlegare år, noko vi trur skuldast ein svært god arbeidsmarknad. Etterspurnaden etter midlar til bedriftsutvikling gjekk noko opp.

Midlar til tradisjonelt husdyrhald viser ei klar dreining frå store samdrifter til meir påbygg av eksisterande båsfjøs. Dette heng truleg saman med høge byggekostnader, renteauke og kronetak på tilskot. Innan husdyrproduksjonane er det i 2007 gitt tilskot til 5 nye lausdriftsfjøs (18 bruk), påbygg på 19 båsfjøs, 8 sauefjøs, 2 geitefjøs, 3 grisefjøs og 9 bygningar på bruk med kombinert produksjon. Vi har gjennom fleire år motivert til fellesdrift også i sauehaldet, og ser at ved nybygg kjem dette på plass og har tru på a det er ei løysing for å skape eit framtidsretta sauehald.

Tiltak	Tal saker	SUM
Nye næringer		
? Etablerarstipend	13	993.000
? Bedriftsutvikling	24	2.063.000
? Generasjonsskifte	1	150.000
? Investeringstilskot	19	3.522.000
? Rentestøtte	19	18.362.000
? VSP mat	10	967.000
? LUF Biobrensel	9	967.000
? VSP Skog	0	0
? BU sentrale midlar	1	1.000.000
SUM tilskot BU	57	6.728.000
SUM tilskot landsdekkande	20	5.572.000
Tradisjonelt landbruk		
? Investeringstilskot	46	12.045.000
? Generasjonsskifte	14	2.390.000
? Rentestøtte	32	45.978.000
SUM tilskot BU	59	14.435.000
BU andre	2	56.000
SUM tilskot BU	119	21.819.000
SUM rentestøtte	51	64.340.000

Utanom tradisjonelt landbruk er det er størst interesse for reiseliv og småskala matproduksjon. Kvinnelege søkjarar får godt over halvparten av både etablerarstipenda og bedriftsutviklings-midlane, men berre ca 30 % av midlane til tradisjonelt landbruk, unntaket er støtta ved generasjonsskifte der over halvparten går til kvinner. Sysselsettingseffekten av nye næringer gjekk noko opp frå 2006, frå ca 70 til ca 90 årsverk. Når vi veit at det vart lagt ned 118 føretak frå 2006 til 2007, dei fleste av desse med godt under eit årsverk, er det grunn til å anta at vi greier å erstatte sysselsettinga frå desse bruka med nye landbruksbaserte næringer.

Vi registrerer at det er stor skilnad i aktivitet mellom ulike kommunar, men det gjeld ikkje berre BU-midlane. Vi deltek saman med Innovasjon Norge i fylkeskommunen sitt prosjekt for å betre tiltaksapparatet i kommunane.

Sentrale BU-midlar

Landbruks- og Matdepartementet løyvde i 2006 kr 100 000 til Sogn og Fjordane til utviklingsarbeid for *landskapspleie med geit som næring*.

I løyvingbrevet (dykkar ref. 200601565-/BLD) blei det bedt om rapport på dette i samband med vår rapportering for 2007. Utviklingsarbeidet på landskapspleie med geit blei lagt til vårt Prosjekt Opne landskap, og det har vorte gjennom-ført i samarbeid med Mattilsynet, Prosjekt Geit i vekst (Tine), geitebønder og Aurland Naturverkstad. Det er gjennomført ein del beiteforsøk i samband med dette, fagstoff er samla, og erfaringane/fagstoffet skal samlast i eit rettleiingshefte for landskapspleie med geit som skal sluttstillast no våren 2008 og ettersendt til departementet.

Teknisk planlegging

Vi er i ferd med å trappe ned den tekniske planlegginga av driftsbygningar. Vi har hatt tre personar som delvis arbeider med dette, ein av dei har permisjon og dei to andre har delvis også fått andre oppgåver.

21.4 Verdiskapingsprogramma

Vi har eit godt samarbeid med Innovasjon Norge i arbeidet med verdiskapingsprogramma, og for vår del gjeld dette i all hovudsak matprogrammet. Her nemner vi nokre døme på utviklinga siste året: Bondens marked har flytta inn i den travlaste handlegata i Førde og auka omset-naden med 30%. Vikingfjorden (som også fekk sentrale BU-midlar) har jobba vidare med lokal mat og etablert Vikinglam som blir selde lokalt. Vi har fått etablert eit foredlingsrom for kjøt og fisk på Mo og Jølster vidaregåande skule (Førde) der både lokale produsentar kan få opp-læring og lage prøveproduksjonar. Dermed får vi både eit lokalt kompetansesenter og folk kan få teste sine produkt utan å måtte investere i eige foredlingsanlegg. Samarbeidet med skulen fungerer godt. Det er også gjeve støtte til lokalt slakteri og foredling i Selje. Økoringen har fått støtte for å fremje lokal mat å ferja i Verdsarvområdet i Nærøyfjorden, og det er mykje positivt på gang innan konsum og foredling av frukt og bær (konsumbringeber, morellar, bringebærjuice).

Vi har også informert om verdiskapingsprogramma for tre og bioenergi, men finansiering av utviklingstiltak på desse områda er handtert og støtta gjennom andre kjelder, sjå 21.2, 21.3, og 22.5.

22 Miljøtiltak i landbruket

22.2 Tiltak for å redusere forureining

Som tidlegare år har vi gått ut med faglege råd og påminningar til kommunane, og bede om årleg rapport på kva kontrolltiltak og praksis dei har hatt med til dømes dispensasjon frå reglane om gjødselspreiing og silopressaft. Tilbakemeldingane tyder på at brukarane i all hovudsak etterlever regelverket, men det er framleis trong for oppfølging og påminning. Dei fleste kommunane har eller er i gang med å innføre lokal forskrift for spreietidspunkt for husdyrgjødsel. Eit fleirtal av kommunane ser ut til å leggje seg på 15. – 20. sept. som siste frist for spreiiing utan nedmolding. Talet på dispensasjonssaker for utsett spreiiing har gått merkbar ned dei siste to åra.

Arbeidet med å følgje opp EU sitt vassrammedirektiv og den nasjonale vassforvaltningsforskrifta er i gang. Fylkesmannen si miljøvernavdeling og landbruksavdeling har i 2007 hatt eit nært samarbeid om karakterisering og tilstandsklassifisering av vassførekomstar i Stryn vassområde. Dette er det første område i fylket som skal få ein forvaltningsplan i tråd med vassforvaltningsforskrifta. Stryn kommune er ein sentral aktør og samarbeidspartnar. Så langt tyder undersøkingane på at økologitilstanden i vassførekomstar i området i hovudsak er tilfredsstillande. Einskilde stader kan det likevel vere behov for ulike typar overvaking og miljøforbetrande tiltak for å redusere eller avgrense forureining frå landbruksverksemd.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Det er stor interesse for Regionalt miljøprogram (RMP), og ca 77% av føretaka søkte om støtte frå miljøprogrammet, pluss ca 125 beitelag. Nesten halvparten av den økonomiske ramma i programmet gjekk til drift av bratt

areal, ca 30% til ulike beiteordningar og ca 20% til landskapselement og biologisk mangfald. Hovudmålsetjinga med RMP i vårt fylke er å ta vare på og utvikla det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket. Tiltak som held det bratte og tungdrivne arealet i drift og som fremjar beitebruk er positivt i høve til dette målet. Særmerkte landskapselement som steingjerde, styvingstre, freda kulturminne og artsrike areal blir elles i større og betre grad teke vare på/skjøtta etter innføringa av RMP. Utviklinga i søknadstala våre sidan 2005 (tre søknadsomgangar) tilseier elles at spissinga av virkemiddelbruken gjennom RMP har målretta produksjonen. Gode døme på dette er: tilskot til beiting med sau og geit innanfor nokre verneområde (+13% og 17%), tilskot til styrt beiting med geit og kje (+55% og 81%), tilskot til bakkemurar (+22%), tilskot til automatisk freda kulturminne (+16%), tilskot til storfe i Organisert beitebruk (+20%). I høve til målsettinga for vårt RMP er utfordringa først og fremst at føropptaket på beite stadig minkar grunna den totale nedgangen i tal beitedyr.

Me har informert og rettleia om miljøplan, samt nasjonale og regionale miljøutfordringar gjennom rettleingsmateriale for RMP. I evalueringa har vi fått gode tilbakemeldingar på informasjonen.

22.4 Økologisk landbruk

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland har ein felles handlingsplan for økologisk landbruk for 2006 – 2009. Våre fylke har best vilkår for økologisk produksjon innan grovforbasert kjøtproduksjon, mjølk, frukt og bær. Strategiane i handlingsplanen er i stor grad retta mot å få til felles satsing på auka produksjon og omsetnad innan desse produktgruppene. Vi vil likevel ikkje skjule at det er langt opp og fram før vi når det ambisiøse målet om 15 % økologisk produksjon.

Vi har lagt vekt på at oppfølging av handlingsplanen skjer i samarbeid med ulike organisasjonar. Det er viktig at dei etablerte organisasjonane i landbruket er heilhjarta med på satsinga slik at ein kan nytte dei etablerte strukturane og møteplassane og at økologisk landbruk vert ein naturleg og integreert del av landbruket.

Vi fekk tildelt 400 000 kr til oppfølging av handlingsplanen i 2007. 35 000 kr vart brukt til informasjons- og motivasjonsarbeid, 160 000 kr til diverse produksjonsfremjande tiltak og 205 000 kr til eit prosjekt som fremjar økologiske varer i butikk.

Vi er også aktiv deltakar i FoU-prosjektet *Norsk økologisk frukt til forbrukar*, som starta opp i 2007 der målet er å auke innanlandsk fruktproduksjon til minst 15 % økologisk innan 2015. Fylkesmennene sine landbruksavdelingar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Telemark deltek med eigeninnsats i form av informasjon og tilrettelegging, samt finansiering via Innovasjon Noreg.

22.5 Tre og miljø

Det er auka fokus på skogbruket sin plass i miljø- og klimadebatten. Siste åra er det bygd over 20 bioenergianlegg på gardsbruk, pluss eit noko større anlegg i Stryn og fleire store er under utgreiing/planlegging. Pelletsanlegg i kombinasjon med avfallsplass er også under utgreiing. Vassbasert fjernvarme blir vurdert i fleire kommunesentra, og aktuelle varmekjelder er ofte bioenergi eller fjordvarme. Tilstrekkeleg og sikker levering av trefiber er avgjerande for slike større anlegg, og dessutan kjem ein ikkje utanom den harde priskonkurransen på billeg tilfeldig elektrisitet. Vår rolle i desse prosjekta er fagkunnskap om ressursane og delfinansiering av nokre forprosjekt/utgreiingar.

Arbeidet med "Prosjekt Kystskogbruket" har vore ein viktig faktor i arbeidet med trebruk, miljø og bioenergi i 2007. Gjennom denne felles satsinga har vi klart å sette fokus på ulike sider av skogbruket, spesielt trebruk og bioenergi. Treprogrammet har vore gjort kjend og profilert på same måte som i tidlegare år. Dette året er det første bygget i massivt tre bygd og teke i bruk i fylket, Transplant sitt bygg i Dale. Vi har

profilert massivt tre og bygget ved ulike arrangement i året som gjekk, mest markert under verdiskapingsseminaret i regi av "Kystskogbruket".

23 Ressurs- og eigedomspolitik

23.2 Ressurs- og eigedomspolitik

Fylkeslandbruksstyret har hatt 6 møter i 2007. Med 6-8 saker pr møte har arbeidsmengda vore moderat. Vi viser elles til eigne rapportar om statistikk og Jordfondet som alt er sendt til SLF.

Bu- og driveplikt er eit vanskeleg saksfelt både fordi det ofte er ulike oppfatningar om kva som er ein "landbrukseigedom", men også fordi spørsmålet om fritak opnar for ganske breitt skjønn. Det har utvikla seg ganske ulik praksis i ulike kommunar, noko som i seg sjølv kan vere krevjande for ein klageinstans på fylkesnivå. Ei sak vart vurdert av Sivilombudsmannen som bad oss vurdere klagesaka på nytt, og styret gav deretter søkjarane konsesjon.

Jordvern har fått større merksemd, også politisk. Vi har ikkje store byar med hardt press på dyrka jord, men har likevel nokre kommunesentra der det er behov for betre langsiktige grenser mot landbruksområda. Vi har også nokre gamle kommuneplanar, og dermed for mange enkeltsaker og små reguleringsplanar i LNF-området. Ved slutten av 2007 reiste styret motsegn mot to slike små reguleringsplanar med hytter/hus som var plasserte på dyrka jord, og vi ynskjer at denne type saker skal vurderast ved rullering av kommuneplanen.

24 Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Arbeid med tilskotsforvaltning

Arbeidet med dei ulike tilskotsordningane vert utført godt. SLF sitt arbeid med å innføre nye webbaserede IKT-løysingar er viktig. Utrulling av nye webbaserede program må setjast mykje meir fart på. Med tanke på opplæring har landbruksavdelinga gjennomført fire kurs (jord- og skogbruk) for kommunane sine saksbehandlarar der temaet er forvaltning av ulike tilskot og bruk av edb-system.

Produksjonstilskot

I 2007 har det vore mest spørsmål omkring følgjande tema:

- ? tilskot til lammeslakt i samband med generasjonskifte - dispensasjonar
- ? driftstilskot til grøntproduksjon i samband med generasjonskifte – dispensasjon
- ? dispensasjon frå omsetningskravet ved brukarskifte til ektemake for å unngå trekk på grunn av alder
- ? økologisk produksjon
- ? pålogging via Altinn

Tilbakemeldinga frå kommunane er at WESPA vert eit betre og betre saksbehandlingsverktøy. Dette er vår vurdering også. Det er difor svært beklageleg at talet på føretak som søker elektronisk har gått mykje tilbake sidan pålogging via Altinn vart innført ved søknads-omgongen 20.08.2007. Det var 1299 søkjarar som leverte søknaden elektronisk ved denne søknadsomgongen. Dette utgjør 37,5 % av søkjarane. I søknadsomgongen 20.08.2007 søkte berre 734 føretak elektronisk, noko som utgjør 21 % av søkjarane.

Det er to moment som er årsaka til dette. Det første er at RMP søknadene er på papir. Det andre er at Altinn er for lite brukarvenleg både for å registrere seg for første gong og vanleg bruk. Dette må vidare utviklast slik at det vert enklare å bruke.

Det er jamn nedgang i tal søknader om produksjonstilskot per år.

Årstal	Tal søkjarar	Reduksjon frå året før	%
31.07.2002	4377	- 398	100,0

31.07.2006	3588	- 147	81,9
31.07.2007	3480	- 118	79,5

Produksjonstilskot og avløyartilskot klager og dispensasjonar

Det vart utført 72 manuelle utbetalingar for produksjonstilskot pr 31.7.2006. Desse utbetaling-ane omfattar klager frå føretaka, feil som kommunane har gjort og dispensasjonar som Fylkesmannen har avgjort. Dei manuelle utbetalingane utgjør 2 % av dei ordinære utbetaling-ane for denne søknadsperioden.

Det er innvilga 32 dispensasjonar i regelverket, ingen dispensasjonssøknader fekk avslag. Dispensasjon frå grensa på kr 30.000 i omsetning og tidspunkt for registrering i einingsregisteret er dei vanlegaste årsakene til søknad om dispensasjon. Det har vore ein markert auke tal dispensasjonar fordi ektepar der noverande brukar får trekk på grunn av alder gjer eit brukarskifte til yngre ektefelle.

For søknadsomgongen 31.07.2006 vart det i jordbruksforhandlingane vedteke at det skulle utbetalast eit ekstra kulturlandskapstilskot. Vi har hatt 20 manuelle utbetalingar på denne ordninga. For same søknadsomgang som gjeld prosjektet "Friskare geiter" hadde vi 9 utbetalingar som utgjør kr 130 372. Ved søknadsomgongen 20.01.2007 hadde vi 13 utbetalingar med til saman kr 477 267,-.

Søknadsomgangen (produksjonstilskot) pr.01.01.07 vart utbetalt i juni 2007. Tal manuelle utbetalingar her var 27 og utgjør 0,8 % av dei ordinære utbetalingane. Det vart gjeve 42 dispensasjonar og 3 fekk av slag. Tal manuelle utbetalingar går ned etter kvart som kommunane vert flinkare til å følgje opp saksbehandlinga i WESPA.

I 2007 er det utbetalt kr 83.884.597 i ferie og fritidsordninga til 2882 søkjarar. Vi hadde 95 stk manuelle utbetalingar som utgjør 3,3 % av ordinære utbetalingar. Her vart det utbetalt kr 2.281.313,-

Sjukdomsavløyning

I 2007 hadde vi 547 saker og kr 9 568 101 vart utbetalt. Til samanlikning var det 641 saker i 2006 og kr 10 415 976,- i utbetaling. Det er gjeve 16 dispensasjonar frå kravet om nærings-inntekt, 1 dispensasjon frå kravet om at søkjar må ha arbeidd minst 6 av dei siste 10 månadene før fødsel på garden og 1 dispensasjon frå kravet om 26 veker friskmelding.

Landbruksvikarverksemda

I 2007 var det 8 saker og utbetalt kr 728 500,-
Til samanlikning var det 8 saker i 2006 og utbetalt kr 485 625,-. Kommunane kuttar landbruks-vikartilbodet sitt sjølv om den statlege støtta vart auka sist år.

Tidlegpensjon for jordbrukarar

I 2007 var det innvilga 6 søknader med einbrukarpensjon, 2 med tobrukarpensjon og 2 avslag, til saman 10 søknader. Totalt på ordninga er det utbetalt kr 3.533.380,-
I 2006 var tala slik: 14 einbrukarpensjon, 4 med tobrukarpensjon og 2 avslag. Til saman 20 søknader.

Veterinærane sine reiserekningar

Det er utbetalt i alt kr 3 123 281,- for i alt 235 saker. Her skule vi hatt eit webbasert edb-system for utfylling og saksbehandling av reiserekningane.

Erstatningsordningane i landbruket



2007 var eit år utan vinterskade på eng. Det kom inn berre ein søknad som vart utbetalt med kr 2 065,-. Skaden var gjort av myrstankelbein.

For erstatning ved avlingssvikt, alle vekstgrupper, vart det betalt ut kr 338.972,- for i alt 18 saker som oppstod i 2006. Seks av desse sakene fekk avslag. I løpet av vekstsesongen 2007 kom det inn 25 nye saker som vart ferdigbehandla i 2008. Desse sakene gjeld for det meste skade på morellavlingane.

For ordninga erstatning for tap av sau på beite kom det inn 4 saker i 2006 som vart utbetalte i 2007 med kr 151 865,-. I tillegg er det kome inn 2 nye saker som vart ferdigbehandla i 2007. Desse to vart avslegne på grunn av for lite skadeomfang.

For ordninga erstatning for svikt i honningproduksjon er det ikkje søknader i 2007.

For ordninga offentleg pålegg for planteproduksjon er det ingen søknader i 2007. For ordninga offentleg pålegg for husdyrproduksjon er det behandla 2 søknader med utbetling på kr 275 224,-. Søknadane gjeld skrapesjuka Nor98 og salmonella.

Vi har framleis etterverknader etter Tsjernobylulukka. Det er betalt ut kr 22 716,- for i alt 9 søknader der buskapane er samla ekstra for måling av radioaktivitet. Det er også betalt ut tilskot på kr 91.700,- til nedføring for i alt 15 buskaper.

EB-utvalet

I 2007 har EB-utvalet fått tildelt kr 462 000,-. Vi fekk inn 24 kurssøknader, og har gjeve støtte til 14 kurs, fordelt på dei fire arrangørane: Mo og Jølster vidaregåande skule, Bygdefolkets studieforbund (BSF), Sogn jord- og hagebruksskule, og Bioforsk Fureneset.

Kontroll

Kontroll med ordningane for produksjonstilskot er i all hovudsak utført av kommunane. Inntrykket er at kommunane utfører dette arbeidet godt. Fylkesmannen har vore på kontroll (produksjonstilskot) i sju kommunar, i lag med kommunen. I tillegg har vi kontrollert driftsforma utegangarsau i ein kommune. Denne kontrollen vart utført i lag med Mattilsynet.

I 2007 har vi vore ute på kontroll i ein kommune på tilskot til sjukeavløysing. For investerings-tilskot (SMIL og NMSK) har vi vore på kontroll i fire kommunar: Hornindal, Selje, Gaular og Stryn. 10 tiltak vart kontrollert med eit samla tilskot på kr 614582,- som er over 5 % av tilskotsramma.

25 Kommunane som landbrukspolitisk aktør

25.1 Kompetansesenter

Vi gjennomfører faste årlege kurs, konferansar innan jordbruk og skogbruk der kommunane er målgruppa. I 2007 på fagområda tilskot, næringsutvikling, arealforvaltning pluss ei felles samling med ulike tema om hausten. I tillegg er det mykje kontakt som er knytt til prosjektarbeid t.d. innafor hagebruk.

Vi har fast innarbeidd samarbeid med Innovasjon Norge. Dei viktigaste samarbeidstiltaka er BU-midlane, SMIL/NMSK forvaltninga og produksjonstilskot.

25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunane

Avdelinga deltek på alle kommunemøte i embetet sin regi der det er naturleg at avdelinga deltek. Sameleis stiller vi opp på oppdrag der kommunane spør om vår deltaking.

I 2007 har vi delteke på fem kommunemøter, Gulen, Vik og Leikanger, der temaet var gjennomføring av gardskart. Vi har også delteke på to kommunemøter, Fjaler og Flora, i lag med embetet.

Avdelinga gjennomfører faste årlege fagmøte med tema innafor skogbruk, jordbruk og hagebruk. Målgruppa er kommunane sine fagfolk /leiing. I 2007 vart det også gjennomført opplæring for nye folkevalde. Dette var eit samarbeid med dei andre avdelingane i embetet.

Samarbeidsavtalen med KS hadde vi oppe som tema på den årlege fagsamlinga for kommunane hausten 2007. Torunn Hovde Kaasa deltok der og orienterte. Elles har vi eit greitt forhold til KS, men har ikkje hatt spesielt tett samarbeid i 2007.

Avdelinga er aktive deltakarar i Planforum som er møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommunen og regionale sektorstyresmakter. Sameleis gjeld dette Kystsonenettverket som har strandvern som arbeidsområde. Avdelinga har over lang tid hatt eit aktivt bygdeutviklingsprogram der vi føreset at kommunane deltek. Dette har til no bidrege til gode samarbeidsforhold mellom kommunane og avdelinga.

25.3 SMIL- og NMSK –midlar

Forvaltning av desse miljø- og næringsmidlane i jord- og skogbruk går greitt både i kommunane og på fylkesnivå. Vi har hatt møte med kommunane om forvaltninga, og direkte rådgjeving pr telefon. Det er langt større søknadsmasse enn tilskotsmidlar til disposisjon, men vi opplever likevel relativt få klagesaker. Dei kommunale strategiane og prioriteringane synest å bli respektert. For skogbruksmidlane synest vi det er meir effektivt og målretta å forvalte midlane til vegar og taubane på fylkesnivå, og vi ser dette i samanheng med dei fylkes-kommunale skogsvegmidlane på 1 mill kr. Vi viser elles til rapportering til SLF pr 1. desember 2007.

26 Jord- og landskapsressursar

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med Fylkeslandbruksstyret om arealpolitikken. Det har vore reist motsegn i 2 plansaker i 2007. Den årlege omdisponeringa av jordbruksareal i fylket ligg på om lag 2-300 daa (233 daa), medan det i same perioden har vore nydyrka om lag 140 daa.

Åtte kommunar har delteke i registrering av Kjerneområde landbruk frå 2005-2007. Vi manglar framleis registrering frå ein av kommunane.(Solund).

Gjennomført prosjekt Opne landskap i samsvar med prosjektplanen. Det er utført utsiktsrydding i 7 kommunar. I alt fekk 9 kommunar tilbod om å delta i dette arbeidet, men ein kommune takka nei og ein anna oppfylgde ikkje vilkåra vi stilte.

Oppfølging av nasjonal registrering av spesielt verdifulle kulturlandskap: Fylkesmannen har teke initiativ til ei samarbeidsgruppe for utveljing av område til den nasjonale registreringa.

26.2 Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen med representantar frå miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga er aktive deltakarar i Planforum, som er ein nyttig møteplass for kommunar, tiltakshavarar og regionale sektorstyresmakter. Planforum har hatt 1- 2 møter i månaden.

Det har ikkje vore tunge vernesaker som involverer skogbruk i fylket i 2007, men vi har gjeve innspel til Verneplan for Breheimen og nokre mindre fredingssaker.

Det er arbeid på gang i to område som blir vurdert i samband med friviljug freding av skog. Desse sakene er inne i ei fase som ikkje krev aktiv medverking frå fylkesmannen. Vår rolle no er å vere oppdatert.

Geovekstsamarbeidet i 2007:



Landbruksavdelinga har leiarfunksjon i fagutavlet for basisdata i Norge Digitalt. Fylket har no dekning av ortofoto anten i bildemålestokk 1:15000 eller i bildemålestokk 1:35000. I tillegg har vi lagt ut tema på embetet sitt kartprogram, www.fylkesatlas.no som er eit samarbeid med Fylkeskommunen.

3.12. Miljøverndepartementet. DN. SFT.

Embetsoppdraga frå DN og SFT er så omfattande og detaljerte, også m.o.t. rapportering, at det vert vist til førebels årsrapport pr.01.09.2007 som er sendt direkte til DN og SFT. Denne årsrapporten saman med dialogen med direktorata ved årsskiftet bør gje eit dekkjande bilete av status pr. årsskiftet. Dersom det spesielt vert bedt om dette, kan vi ajourføre den detaljerte rapporten pr. 01.09.2007 fram til 31.12.2007. Vi vil som tidlegare år oppmode om at Fornyingsdepartementet arbeidar for å harmonisere detaljgraden i styringssignal og rapporteringskrav departementa imellom.

3.13 Utanriksdepartementet

93: Apostiller

Det var 202 apostillesaker i 2007.

94: Forberedelse av saker om honorære konsuler

Ingen saker.

3.14. Samferdselsdepartementet

91 Avkøyrlesaker etter veglova

Vi har behandla 3 klagesaker i 2007, alle innanfor oppdragskravet på 3 månader saksbehandlingstid.

